




NIDAROS DOMKIRKES
RESTAURERINGSARBEIDER

ÅRSRAPPORT 2025



Innhald

DEL I – STYRETS BERETNING	2
DEL II – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA.....	4
Verksemda og samfunnsoppdraget.....	4
Organisasjon og leiing.....	8
Utvalde hovudtal.....	9
DEL III – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	10
Sikring, vedlikehald og restaurering	10
Formidling.....	19
Nasjonalt kompetansesenter	26
Pilegrimsarbeidet	31
Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk	40
DEL IV – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA.....	45
Fellesføringar for alle statlege verksemdar i 2025	45
Vurdering av styring og kontroll.....	45
HMS	46
Personal- og organisasjonsmessige forhold	46
Lærlingar	47
Sjukefråvær.....	47
Likestilling	47
Samfunnstryggleik og beredskap	49
Øvrige oppdrag, føresetnader og krav	51
Konsulentbruk.....	51
Vurdering av molegheiter for desentralisert arbeid	51
Kulturelt mangfald.....	52
Tilsette med nedsett funksjonsevne	52
Berekraftsmål og klima- og miljøtiltak	52
Ledsagarbevis	54
Språklov.....	54
Arkivlova	54
Oppfølging av revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen	54
DEL V – VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER.....	55
DEL VI – ÅRSREGNSKAP.....	58
Ledelseskomentarer årsregnskap 2024	58
Prinsippnote til årsregnskapet	60
Oppstilling av rapporter	62

DEL I – STYRETS BERETNING

NDR tek seg av statens ansvar for Nidarosdomen, Erkebispegarden og det nasjonale pilegrimsarbeidet, og er nasjonalt kompetansesenter for verneverdige bygningar i stein. Arbeidet er prega av eit svært langsiktig perspektiv og djup respekt for dei store kulturverdiane NDR forvaltar. Oppdrag og overordna mål har i hovudsak vore det same i 2025 som i åra før, og 2025 har vore prega av høg aktivitet, stabil drift og god måloppnåing på dei fleste felt.

Det var ein merkedag 15. januar då Fredrik Tydén vart kunngjort som vinnar av kunstnarkonkurransen om utforminga av nye dører til Vestfronten. Dette vil bli den største ytre endringa på Nidarosdomen på mange tiår og eit av dei tydelegaste avtrykka frå vår generasjon domkyrkjearbeidarar. 2025 har gått til detaljprosjektering og innkjøp av materialar, og prosjektet held framdriftsplanen. Det er raust finansiert av familien Maske.

Restaureringa av fasaden på Nidarosdomens søndre tverrskip, «Sørgavlen», har også i 2025 vore det største restaureringsprosjektet i NDR. Ca 150 steinar er nyhogd, og alle fag i NDR er involverte i arbeidet, som også har gjeve høve til å vidareutvikle metodar for prosjektering og arbeidsflyt med utvida bruk av digitale verktøy. Framdrifta er god og vil etter planen bli slutført i 2027.

Restaureringsplanen for Nidarosdomen 2024–2035 ligg til grunn. Neste store prosjekt er korets nordre fasade der det er gjort førebuande arbeid. Samstundes vart det klart gjennom 2025 at NDR må framskande og gje høgare prioritet til inspeksjonar inne i kyrkja, og dette arbeidet tek til i februar 2026. Det kan gå utover framdrifta på andre restaureringstiltak.

Nidarosdomen fekk mykje merksemd under Ski-VM og var svært synleg både i internasjonale og nasjonale fjernsynssendingar. NDR hadde også eit utvida publikumstilbod for tilreisande og lokalt publikum. Fleire nye formidlingsopplegg og utstillingar er utvikla gjennom året, og festivalen «Sommer i Borggården» vart gjennomført for sjette gong. Nidarosdomen er som før den fremste turistattraksjonen i Trondheim med oppunder 250 000 selde billetter, og ein god turistsesong bidrog til ein fin auke i selde billetter i domkyrkja. Det har vore eit mål i mange år å få opp besøket i Erkebispegarden, og det er ekstra gledeleg at billettsalet til musea våre der har auka betydeleg. Her er potensialet framleis stort.

Det er ein jamn vekst i pilegrimar som kjem til Nidaros og som oppsøker pilegrimsleiene NDR forvaltar. Størst kjennskap og trafikk har Gudbrandsdalsleia og St. Olavsleia som er gjevne ein endå tydelegare prioritet gjennom 2025 i tråd med langtidsplanen. Den nye pilegrimsbua i Bymarka i Trondheim (Frøset) vart ferdigstilt av handverkarane ved NDR og Nasjonalt pilegrimssenter i 2025 og overlevert til

Trondheim kommune i februar 2026. Standardiserte takkonstruksjonar til ti nye buer ligg på lager, og bua i Bymarka vil vere eit viktig utstillingsvindaug for dette tiltaket, som er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB.

Styret har stor merksemd på risiko og tryggleik rundt Nidarosdomen og Erkebispegarden. Arbeidet med tryggleik og beredskap er derfor styrka og har blitt meir systematisk i NDR gjennom dei siste åra og har hatt høg prioritet også i 2025. Det er lagt stor vekt på ROS-analysar og arbeid med planverk og rutinar, utfordringane med steinnedfall, kontroll av ferdsel utandørs og innandørs og oppgradering av dei tekniske anlegga. Styret meiner ressursane til dette arbeidet må styrkast. Styret vil i 2026 fokusere på implementering av tiltaka i ROS-analysen.

Etter at Bjørgvin Thorsteinsson slutta som direktør i NDR hausten 2024, var Hilde Sveås konstituert som direktør fram til Oddmund Hoel byrja i stillinga 1. juni.

Marte Løvik
Styreleiar

Oddmund L Hoel
Direktør

DEL II – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA

Verksemda og samfunnsoppdraget

Føremål

Restaureringsverksemda ved Nidaros domkyrkje/Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR) vart oppretta i 1869 og er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet. NDR har som oppgåve å forvalte Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden slik at desse blir bevarte, utvikla og formidla som levande byggverk. Forvaltninga skal gå føre seg i samarbeid med brukarane, dei aktuelle kyrkjelege instansane og antikvariske styresmakter. NDR skal også vareta og utvikle det statlege pilegrimsarbeidet i samarbeid med dei regionale pilegrimssentera og lokalt næringsliv.

Tildelingsbrevet for 2025 har fire overordna mål:

- Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden skal planmessig sikrast, vedlikehaldast og restaurerast basert på forsking og etter gjeldande internasjonale restaureringsprinsipp.
- Historia til Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden skal gjerast tilgjengeleg og formidlast til publikum. Formidlinga skal skape refleksjon og forståing, ta i bruk moderne metodar og vere tilpassa ulike målgrupper.
- NDR skal halde oppe og vidareutvikle sin posisjon som eit nasjonalt kompetansesenter for restaurering av verneverdige bygningar i stein.
- Pilegrimsarbeidet skal bidra til verdiskaping og positiv utvikling langs St. Olavsvegane til Trondheim. Det skal ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring og samtidig vere ope og inkluderande for menneske med ulik tru, kultur og tradisjon.

VISJON OG VERDIER

KULTURARV SOM BERIKER – *Vi tar vare på fortiden for fremtiden*

Raus *Vi er generøse og inkluderende*

Solid *Vi legger kvalitet i alt vi gjør*

Ambisiøs *Vi tenker stort og søker det eksepsjonelle*

Visjonen og verdiane våre fungerer som ei rettleiing for avgjerder vi tek og arbeidet som blir gjort for å løyse samfunnsoppdraget vårt. Kontinuerleg verdifokus i dagleg virke står sentralt i det å kunne skape gode haldningar og handlingar, både fagleg og mellommenneskeleg. Visjonen og verdiane våre leier inn på viktige aspekt som tverrfaglegheit, heilskapleg tenking og det å søkje å skape synergieffektar i eigen organisasjon.



Fagleg tilnærming

NDR skal vere oppdatert og delta i internasjonale og nasjonale diskusjonar, følgje opp føringar innan konservering, restaurering og formidling av kulturhistorie, og bruke kunnskapen vår aktivt for å løyse oppdraget vårt. Dette skal gjerast med tilvising til ICOMOS Venezia charter (1964) og ICOMOS Nara-dokument om autentisitet (1994) med tilhøyrande utdjupande tekstar frå UNESCOs rådgivande organ, og dessutan andre tekstar og internasjonale konvensjonar som gir føringar for statens kulturminneforvaltning. UNESCO-konvensjonen av 2003 om bevaring av immateriell kulturarv har vorte ein viktig reiskap for NDR etter at bygghytta i NDR i 2020 vart innskriven på UNESCO si liste over gode vernepraksisar av immateriell kulturarv.

For mange er den immaterielle kulturarven ei kjelde til identitet med forankring i historia. Den immaterielle karakteren til arven gjer han særleg sårbar, og ein arv som er i ferd med å forsvinne på grunn av globalisering, konflikhtar og den raskt skiftande livsstilen vår. Innskrivinga på UNESCOs liste er ein anerkjenning for NDRs arbeid med å vareta og utvikle gamle og verneverdige handverksfag og organiseringa av arbeidsprosessane rundt restaurering av kyrkjebygg. Første nasjonale rapportering til UNESCO når det gjeld status vart gjord i 2021, og vil deretter bli kravd kvart 6. år, eit arbeid som blir koordinert gjennom Kulturdirektoratet.

Ved restaureringa av Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden nyttar handverkarane tradisjonelle teknikkar og metodar. Vidare blir det forska på og utvikla korleis teknikkane kan ha vore utførte i tidlegare tider og korleis dei kan utviklast til restaureringsløysingar ein vil møte i framtida. Organiseringa av restaureringsarbeidet er tverrfagleg både i handverket og i handverkarane sitt samarbeid med meir tekniske og akademiske fag som historikarar, arkeologar, arkitektar og ingeniørar. Restaureringsarbeidet går føre seg i ein organisasjonsmodell som frå mellomalderen av er kjend i Europa som ei bygghytte. I dag er det framleis bygghytter ved mange av dei store katedralane i Europa.

Samarbeid

I samarbeid med styresmaktene, kyrkja og andre brukarar, skal NDR søkje å leggje forholda til rette for ein aktiv og verdig bruk av anlegga som står i forhold til den symbolske, religiøse og historiske verdien og tolegrensa deira.

NDR samarbeidde med 17 bygghytter i fem ulike land om innskriving på UNESCOs liste over gode vernepraksisar av immateriell kulturarv. Etter innskrivinga av katedralbygghyttene på UNESCOs liste over gode vernepraksisar vil samarbeidet bli utvikla vidare med utveksling av erfaring og kompetanse. Ved deltaking i faglege nettverk og internasjonale organisasjonar syter NDR for å halde seg fagleg oppdatert og å vere ein interessant samarbeidspartnar for andre norske forskings- og utdanningsinstitusjonar.

Langtidsplan 2023-2031

Langtidsplanen vart revidert våren 2022, gjeldande for perioden 2023–2031, og vedteke i styret 1. juni 2022. Langtidsplanen gir rammer, retning og progresjon for det framtidige arbeidet vårt, ut frå samfunnsoppdraget og dei fire overordna måla som NDR er gitt. I arbeidet har fokuset vore å følgje opp føringar og forventningar frå departementalt nivå, syte for rette prioriteringar ut frå endra forhold og sikre eit målretta blikk fram mot Noregs 1000-årsjubileum i 2030 og 1000 års markeringa for helgenkåringa av Olav i 2031. Vidare er nytt visjons- og verdigrunnlag for NDR teke inn. Langtidsplanen er styrande for arbeidet med å utarbeide konkrete delmål (prosjekt/tiltak) i årsplanar og underliggjande arbeidsplanar for dei ulike avdelingane.

I tillegg til langtidsplanen som tek føre seg det framtidige arbeidet for verksemda som heilskap, har det i 2024 vorte utarbeidd ny restaureringsplan for Nidarosdomen. Restaureringsplanen, gjeldande for perioden 2024–2035, skal sjåast som eit overordna og aktivt dokument og legg føringar for arbeidet som blir utført av Nasjonalt kompetansesenter for verneverdige bygningar i stein (NKS) det neste tiåret. Dokumentet skal sikre at NDR planmessig sikrar, held ved like og restaurerer Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden etter gjeldande internasjonale restaureringsprinsipp. For å sikre ein samheng mellom restaureringsplanen og års-/arbeidsplanar skal det gjennomførast ein årleg gjennomgang og statusoppdatering av planen. Ved utgang av planperioden blir det utarbeidd eit statusdokument som grunnlag for å bygge vidare på eller revidere restaureringsplanen.




Organisasjon og leiing

Styret oppnemnt av Kultur- og likestillingsdepartementet for 2024 til 2027 har følgjande medlemmer:

Styreleiar:	Marte Løvik
Styremedlemmer:	Olav Fykse Tveit (Bispemøtets Preses) May Britt Myhr Geirmund Lykke Ole Jacob Furset Birgit Amalie Nilssen Espen Sørburø (representant for dei tilsette)
Varamedlemmer:	Herborg Finnset (Nidaros Biskop, for Bispemøtets preses) Åse Huseth (for tilsettrepresentant, 1.vara) Elisabeth Voss Sinnerud (for tilsettrepresentant, 2.vara)
Direktør:	Hilde Sveås (konstituert direktør t.o.m 31.05) Oddmund Hoel (f.o.m 01.06.25)

Leiargruppa til direktøren består av:

Avdelingsdirektør Nasjonalt kompetansesenter	Rune Langås
Avdelingsdirektør Nasjonalt Pilegrimssenter	Guro Berge Vistad
Avdelingsdirektør Publikumsavdelinga	Anne Strømmen
Avdelingsdirektør Administrasjon og eigedom	Hilde Sveås
Kommunikasjonssjef	Marianne Vikan



Utvalde hovudtal

Økonomi og personal

NØKKELTAL 1)	2023	2024	2025
TILDELING POST 01 DRIFTSUTGIFTER	84 152 000	83 690 000	92 548 000
TILDELING POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER 2)	4 520 000	4 730 000	5 092 000
TILDELING POST 71 TILSKOT TIL RPS	8 814 000	9 180 000	10 500 000
INNTEKTSKRAV POST 01 YMSE INNTEKTER	-33 130 000	-34 589 000	-41 903 000
INNTEKTSKRAV POST 02 INNTEKTER VED OPPDRAG 2)	-4 426 000	-4 620 000	-4 796 000
NETTO TILDELING	59 930 000	58 391 000	58 196 000
UTNYTTINGSGRAD - %			
SUM DRIFTSKOSTNADER (POST 01+21)	93 788 039	88 420 000	106 769 630
SUM DRIFTSINNTEKTER	42 569 341	46 763 489	59 083 221
SUM TAL ÅRSVERK 3)	58,6	63	65
LØNSDEL AV DRIFTSUTGIFTER - %	56,3	60,6	56,8
LØNSUTGIFTER PR. ÅRSVERK 3)	866 000	886 411	933 845

1) Reknskapstal iht. kontantprinsippet i staten.

2) Post 21 Spesielle driftsutgifter også tilknytt post 02 Inntekter ved oppdrag.

3) Årsverk rapportert iht. PM-2019-13: Definisjon av utførte årsverk. Det vil seie at det er gjort fråtrekk for fråvær som er søkt/godkjent av arbeidsgjevar, herunder eigen- og sjukemeldinger. Det er ikkje gjort fråtrekk for ferie, avspasering mv. Alle tilsette er med, unnateke innleidde arbeidstakarar, pensjonistlønn og lærlingar. Tal er henta frå DFØs Innsikt for HR og Lønn.

Volum

STYRINGSPARAMETER	RESULTAT 2023	RESULTAT 2024	MÅL 2025	RESULTAT 2025	MÅL 2026	ENDRING 2024-2025
TOTALE BESØKSTAL BASERT PÅ UTFERDA BILLETTER – NIDAROS DOMKYRJKE OG ERKEBISPEGARD	272 688	271 674	271 000	245 907	200 000*	3,8 %
OMSETNING EKSTERNE OPPDRAG NKS**	3 329 222	1 340 959	-	-	-	-
OVERNATTINGSDØGN PÅ GUDBRANDSDALSLEIA	14 149	16 293	19 000	18 228	20 100	10,61 %

* Det er meldt ein stor nedgang i tal cruiseskip og passasjerar i 2026, noko som utløyser lågare forventning til billettsal og vareomsetning. Nedgangen er berre varsla for 2026 som resultat av omlegging av rederia sine flåter.

** I 2025 vart det også bestemt å fjerne mål om omsetning frå årsplan og årsrapport. Dette vart bestemt med bakgrunn i at tal eksterne oppdrag vil svinge fra år til år både på grunn av etterspørsel og prioritering av egne ressursar.

DEL III – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Sikring, vedlikehald og restaurering

Overordna mål 1: Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden skal planmessig sikrast, vedlikehaldast og restaurerast basert på forskning og etter gjeldande internasjonale restaureringsprinsipp.

Vedlikehald og restaurering av Nidaros domkyrkje, Erkebispegarden og resten av bygningsmassen til NDR er ei sentral oppgåve for NDR. Arbeidet er særst viktig for å halde bygningsmassen i ei slik forfatning at ho også for kommande generasjonar kan stå fram med den verdigheita nasjonalheilagdommen og kringliggjande bygg bør ha. Med noverande klimautvikling, med eit villare og våtare klima, blir det endå viktigare enn før å førebu bygningane til å «stå imot» denne belastninga.

Restaurering søndre tverrskip

Restaureringa av søndre tverrskip har vore det største praktiske prosjektet for bygghytta også i 2025. Etter planen skal det ferdigstillast i 2027, men det er mogleg at stillasa må stå til våren 2028. Dette for å verne kalkarbeida som blir utførte den siste hausten av prosjektet.

Dei ulike tiltaka på fasaden er lagde fram for og godkjende av Riksantikvaren. Her kan det sjølvsagt dukke opp nye problemstillingar under arbeidets gang.

Av konkrete oppgåver har gipsmakarane teke 25 avstøypingar denne sommaren. Det har også vore ein del av den tverrfaglege opplæringa vår, der våre nyttilsette har fått eitt innblikk i dette faget.

Steinhoggarane har no produsert ferdig det meste av stein til fasaden. Det er hogge ca. 150 steinar til Sørgavlen. Det aller meste er horisontale profilband og profilerte dekksteinar til parapetgavlen. I tillegg er det mellom anna hogd ein del basar, nokre konsollar, chevronbogesteinar, ni toppblomstrar til tårnfialane og nesten 25 kvadersteinar. Dei mest kompliserte steinane har vore dei sju profilsteinane hogge til dei tre firpassvindauga i gavlen. Ornametikk har fasaden lite av og berre tre enkle kapitel er erstatta.

Murarane har mura inn mange av desse nyhogne steinane, og det har vore eit spesielt fokus for å få på plass dei horisontale profilbanda. Det er også hogd ut ei rekkje øydelagde sementfugar som no er spekka opp igjen med kalkmørtel.

Snikkarane og smedane har restaurert ferdig dørene i fasaden. Ved demontering kom dateringa av dei godt til syne. Vi kunne også registrere at dei ulike delane var overflatebehandla med eit tjøreprodukt før dei vart sette saman.

Glasverkstaden har demontert alle glasmåleria på Sørgavlen, for restaurering og istandsetjing fram til 2027. Eit forskingsprosjekt om utforming og testing av nye vernevindaug på desse glasmåleria er også i startfasen.

I det vestlege tårnet er det vedteke å lage fire nye glasmåleri. Lærlingane våre ferdigstilte eit av vindauga baserte på barneteikningar frå publikumsprosjektet «Teikn Nidarosdomens nye glasmåleri» under «Sommer i Borggården».

På grunn av stadige vasslekkasjar gjennom steintårna og murverket generelt, er det mange «kvite skorper» på fasaden. Dette er kalsittskorper som blir danna når vatn trekkjer inn i murane og saltet blir vaska ut. I sommar er mange av skorpene fjerna ved at ein hogg dei varsamt bort utan å skade det underliggjande murverket. Deretter skal det nyttast mikrosandblåsar, slik at det aller meste blir teke bort. Vidare vil både tårna og dei fleste profilbanda bli beslått, for å hindre vidare lekkasjar.

I eit stort restaureringsprosjekt som Sørgavlen skal ein ikkje undervurdere det faktumet at stillasa må byggjast om ei rekkje gonger, slik at ein får best moglege arbeidsforhold. Dette har vore gjort mange gonger allereie, då det må gjennomførast steinutskiftingar på ei rekkje stader mellom dei opphavlege stillashøgden. Det å ha eigne sertifiserte stillasbyggjarar som løyser dette undervegs, er ein stor styrke for prosjektet.

Taka på Nidarosdomen

I år vart arbeidet med å tette dei flate taka på vestfronttårna fullført. Dette gjer at vi også kunne starte restaureringa av det øvste kapellet i søre vestfronttårn, som er prega av tidlegare vasslekkasjar. I samarbeid med NTNU – Konstruksjonsteknikk, er det utført målingar av vindbelastning på spiret til sentraltårnet. I løpet av måleperioden på seks månader var vindstyrken på det sterkaste den 17. januar, med ein styrke på 30 m/s (storm styrke). Konklusjonen i rapporten er at både stålkonstruksjonen i sjølve spiret og forankringa til murverket er sikker. Det blir også utført rutinemessige klima- og sprekkmålingar i Nidarosdomen og Erkebispegarden.

Etablere sikringsgjerde rundt Nidarosdomen

Planlegginga av nytt sikringsgjerde er no komme så langt at ein i 2026 kan starte med det praktiske arbeidet, då i form av fundamentering og/eller bygging av gjerdeelement. I planlegginga har ein innhenta godkjenningar frå offentlege styresmakter og dessutan designa gjerdet og dei tilstøytande uteområda.

Restaurering av korets nordre fasade, nedre del

Førebuingane til neste hovudprosjekt, restaureringa av den nordre fasaden i koret, har også gått føre seg inneverande år. Fasaden som vart ferdigstilt seint 1880 åra, har store mengder kleberstein frå brotet Grytdal ved Rognes sør for Støren. Dessverre ser vi at steinen forvittrar utruleg raskt, noko som igjen gjer at det er store stein- og murararbeid som ventar oss i dette prosjektet. I år er det bygt stillas på delar av fasaden for å kunne lage oppslag og malar til ein del av steinane som må skiftast ut. Dette er eit arbeid som det er viktig å komme tidleg nok i gang med, slik at vi har ein del ferdig produsert stein klare til det permanente stillasa kjem opp om nokre år.



Foto: Ina Stenvig/NDR

Kartlegging og registrering av mellomaldermurverk/-stein

På mellomaldermurverket på austveggen av kapella på Nordre tverrskip, er det i sommar utført ei testrestaurering. Per Storemyr frå Fabrica kulturminnetenester as, har stått i spissen for arbeidet saman med bygghytta. Bygningsdelen er av dei mest autentiske mellomalderpartia på Nidarosdomen, og har omfattande skadar.

I ein rapport frå 2024 vart det tilrådd å etablere fleire testfelt for utprøving av konserveringstiltak. Det dreidde seg om skånsam handmeisling av KC-fuger, test av elektrisk verktøy for endå meir skånsam opning av tynne fuger, erstatning med kalk i fugene, skånsam reinsing av murverk med svarte gipsskorper med mellom anna laser og dessutan fjerning av store mengder lav med mellom anna skånsame mekaniske metodar og etanol.

Testane gjekk til dels veldig bra. Å hogge ut sementfugane og erstatte desse med kalk gjekk såpass fint at testen med elektrisk verktøy vart overflødig. Derimot fekk vi ikkje ønskt effekt ut av laseren, då det var krevjande å fjerne dei svarte skorpene på ein skånsam måte. Truleg lét ikkje dette seg gjere, men vi må i alle fall ta oss tid til å justere/endre metoden for dette arbeidet før vi går vidare. Då det i prøvefeltet var lite lav, vart det lite test på fjerning av dette under arbeidet. Planen etter at arbeidet no blir samanfatta i løpet av vinteren, er å halde fram utprøvingar også neste år. Dette for å ha eit godt grunnlag for ein framtidig restaureringsplan for denne bygningsdelen.

Nye dører til Vestfronten

Ei av dei mest markante hendingane i 2025 fann stad onsdag 15. januar, då vinnar av kunstnarkonkurransen om utforming av nye dører til nasjonalheilagdommen vart kunngjord. Dette vart den danske bilethoggaren Fredrik Tydén, og han skal forme ut dei nye dørene i samarbeid med handverkarar frå bygghytta ved Nidarosdomen. Dagens mellombelse vestfrontdører, frå 1930, blir bytt ut med dører i raudmåla eik med smijernsbeslag. Dette arbeidet vil bli eitt av dei tydelegaste avtrykka vår generasjon «domkyrkjearbeidarar» etterlèt seg på Nidarosdomen.

2025 vil gå inn i historia som det store prosjekteringsåret. At materiale skal skaffast, produksjonslokale blir lagt til rette og den handverksmessige utføringa blir planlagd, er brikker i eit større «puslespel». Terrenget inntil Vestfronten skal senkast, slik at tilkomsten gjennom dei nye dørene blir trinnfri, og Vestfrontplassen skal oppgraderast. Eksisterande dører i portalane skal takast ut, og dei nye dørene, som både er høgare og tyngre, skal setjast inn.

Samarbeidet om bearbeiding og vidareutvikling av vinnarutkastet til dei nye dørene er allereie godt i gang i ei etablert prosjektgruppe. Kunnskap blir innhenta, blir utvikla og

delt, konstruksjonsløyisingar og dimensjonering blir vurdert, materialkvalitetar blir diskuterte og materiale som blir skaffa, blir utprøvd i praksis og blir funksjonstesta.

Undervegs har forslaget til kunstnaren om massive dører med horisontal inndeling av dørblada vorte skrinlagt. I midtportalen blir det ei to-fløya dør i full høgd, i dei smalare sideportalane blir det eitt dørblad. For at dørene skal bli så stabile, lette og tette som mogleg, er det valt ei konstruksjonsløyising, som utanfrå framleis kan oppfattast som massiv; rammeverkdører kledde med plankar på utsida. Førebels er det ikkje avgjort om rammeverket skal kledast på same måte innvendig eller om det skal vere synleg.

Avgjerda om konstruksjon og inndeling av dørene har vore av essensiell betydning for vidare progresjon i arbeidet.

For å forsikre oss om at dørene vil fungere som føresett med den valde konstruksjonsmåten, og ha høve til å gjere eventuelle tilpassingar av konstruksjons-, funksjons- og produksjonsmessig karakter, skal det først produserast ein prototype av ei av dørene. Denne er venta ferdigstilt våren 2026, og seinare på året vil vonleg både snikkarar og smedar vere i gang med produksjon av dørene som etter kvart skal setjast inn i Vestfrontens portalar.



Foto: NDR



Vinnaren blir kunngjort!

15. januar 2025 vart vinnaren av kunstnarkonkurransen annonsert.

Foto: Elisa Kartum/NDR



Dei nye dørene skal bli raude.

Målingsprøver er hengde opp på midtportalen. Kunstnar og handverkarar i front.

Foto: Elisa Kartum/NDR



Dørene skal utsmykkast. Her er Tydén og smedane på studietur i Frankrike.

Foto: NDR

Grenaderen

Det er utført ytterlegare undersøkingar av Grenaderkomplekset i Erkebispegarden også i 2025. Etter dei siste undersøkingane til snikkarane viser det seg dessverre at bygget er i endå dårlegare forfatning enn det ein kunne frykte. Vidare arbeider med restaureringa av Grenaderen står no på vent. I all hovudsak kjem dette av mangel på økonomiske midlar for å setje i gang arbeida. Det er jobba med å få eksterne interessantar inn i prosjektet, utan at ein så langt har fått konkrete resultat av dette arbeidet. Restaureringa er kalkulert til 90 millionar kroner.

Steinressursar til restaureringsføremål

Den kontinuerlege restaureringa er sjølvsagt også heilt essensiell for på lang sikt å få slutt på utfordringane med steinnedfall. Til dette trengst naturleg nok store mengder kleberstein, så også i år har det vore drift i brotet på Grunnes i Målselv i Troms. Det er Kvanmo Anleggsservice as som er samarbeidspartnaren vår i arbeidet i steinbrotet. I år gav arbeidet oss 43 blokker på totalt 52 m³. Frå tidlegare har vi 58 m³ lagra, noko som gir oss godt over 100 m³ på lager. Det er alltid eit spenningsmoment kor godt vi får nyttiggjere oss blokkene. Eksakt kva ein får ut av kvar enkelt blokk ser ein ikkje før ein startar vidare bearbeiding av dei.

Forskningsprosjekt

Det pågåande ph.d.-prosjektet «En studie av Helge Thiis' bidrag til utformingen av Nidaros domkirke» er knytt til Institutt for arkitektur og teknologi på NTNU. Det undersøker domkyrkjearkitekt Helge Thiis planar og arbeider i samband med den siste fasen for gjenreisinga av Nidarosdomen, med vekt på vestfronten. Prosjektet har ein tidshorisont fram til august 2028.

Avhandlinga blir skriven som ein monografi, men er grovt delt i tre delar: 1. Arkitektkonkurransen som Thiis vann i 1929. 2. Endringa frå vinnarutkast til det faktisk bygde. 3. Tekniske konsekvensar av valde løysingar.

I tillegg til sjølve hovudtemaet for prosjektet skal det gjennomførast ein opplæringsdel i tre ulike kurs, som bygningsdokumentasjon og analyse, introduksjon til forskingsmetodikk og vitskapsteori, og tale, tekst og tolking.

Den historisk-antikvariske litteraturen om Nidarosdomen er omfattande, men det er svært lenge sidan det er gitt ut eit verk basert på forfatarane sine eigne studiar av katedralen og bygningshistoria. Det er utarbeidd ein forholdsvis detaljert disposisjon for det nye firebands verket om Nidarosdomen. Både interne og eksterne forfatarar er spurde om å bidra i prosjektet. Prosjektet er søkt finansiert via Kyrkebevaringsfondet,

der tilbakemelding på søknaden i mars 2026 vil verke inn på vidare framdrift. Planen er at alle banda skal vere gitt ut til Nasjonaljubileet 2030.

Den 6. utgåva av Årboka vart gitt ut inneverande år med 19 rikt illustrerte artiklar. Det var 13 ulike forfattarar som bidrog med denne utgåva av «Bygghytta». Boka gir eit spennande innblikk i mangfaldet av oppgåver og utfordringar i det daglege arbeidet med å vareta Nidarosdomen og Erkebispegarden.

Digitale dokumentasjonsmetodar

Dokumentasjon og metodar for dette er i stadig utvikling. Når nye metodar blir tekne i bruk, blir gjerne delar vidareførte av dei tidlegare metodane «for å vere på den sikre sida». Dette er lite effektivt og fører i tillegg til dårleg kontroll på kva som finst, og kvar. 3D-modell med databasetilknytning er no utvikla og blir teken i bruk til dokumentasjonsføremål. Vi har gått over i ein driftsfase der arbeidet som blir utført, først og fremst går ut på å optimalisere allereie etablerte funksjonar. Implementeringa av dette verktøyet har hatt sine praktiske utfordringar inneverande år. Det har vore nokre datatekniske utfordringar som har gjort at vi ikkje har fått ønskt flyt og framdrift i å ta ut potensialet i verktøyet. Trass i dette, har vi også inneverande år sett potensialet i dette verktøyet, og vi ser for oss å nytte oss av dette i langt større grad dei kommande åra.

Resultatindikatorar

Aktivitetane som er skildra under overordna mål 1, er prosjekt som går over fleire år og som tidvis kan vere vanskelege å måle. Aktivitetane over er i rute i samsvar med planlagd framdrift i restaureringsplan og langtidsplan. Sjå tabell under for planlagd framdrift i nemnde planverk.

Restaureringsplan for Nidarosdomen 2024-2035

Tiltak 2025 – Status pr. 08.12.2025.

Tiltak	Kommentarer
Sørgavlén Pågående restaurering	Planlagt fullført: 2027 Arbeidet går etter planen. Noe steinhugging gjenstår, utføres vinter/ vår 2026. Dør ut fra Olavskapellet må tas ut for vedlikehold/ restaurering.
Korets nordre fasade, nedre del Videreføre planlegging/ forarbeid til restaurering	Planlagt oppstart restaurering: 2027 Forarbeid inkluderer resterende oppmåling og steinhugging Oppmåling utført, og maler er produsert. Noe saging av emner og steinhugging gjenstår.
Søndre vestfronttårn Utbedre lekkasjer toppdekket Utbedre skader etter lekkasjer, «Skolestua»	Etterslep fra 2024 Lekkasje utbedret (lagt gummimembran på toppen og i klokkespilletasjen) av Protan AS. Forberedelser til utbedring av skader i «Skolestua» er utført. Arbeidet utføres 1. kvartal 2026.
Sentraltårnet Sikring av renner og rennebærere	Tiltak utsatt pga. utsatt fasadeinspeksjon, sentraltårnet. Husk å bestille klaver! Utføres i 2026.
Avsperring rundt ND Permanent gjerde	Forprosjekt 2025. Søkt om tilleggsbevilgning for 2026. Forhåndskonferanse med Trondheim kommune er avholdt. Eggen Arkitekter er engasjert til tegning/ visualisering av gjerdet og har presentert et førsteutkast. Arbeidet fortsetter i 2026.
Nordre tverrskip/ Lektoriet/ Mariakapellet Videreføre kartlegging/ registrering av middelaldermaterialet	Inkluderer også utprøving av konserveringsmetoder. Utprøving av konserveringsmetoder er utført og rapport forventes å foreligge før jul.
Skipet Utbedre lekkasjer tak (sør)	Omfang kartlegges i år (trolig mer omfattende enn antatt). Foreslått stillasløsning omfatter også nordsiden, så hele taket tas samtidig. Arbeidet må budsjettforberedes og utsettes (sannsynligvis til 2027) pga. dette. Kartlegging ikke utført.
Søndre og nordre tverrskip m/ kapell Utrede muligheter for endring av takløsning.	Vurdere om dette skal skrinlegges. Skrinlagt etter dialog m/ RA.
Vestfronten Nye dører i portalene	Organisering, planlegging/ detaljering av prosjektet. Oppstart praktisk arbeid: 2026. Prosjektgruppe er etablert og planlegging/ detaljering av arbeidet er godt i gang.
Biologisk vekst Løpende forebyggende tiltak/ fjerning Undersøke muligheter for bistand til kartlegging/ artsbestemmelse	Fjernet noe biologisk vekst i fbm. fasadeinspeksjon. Vurdere utvidet leieperiode for lift i de kommende årene for å kunne utføre forebyggende tiltak/ fjerning. Kontakter utdanningsinstitusjoner. Manglende respons fra utdanningsinstitusjoner. Utarbeidet oppsummering med forslag om å dele opp tiltaket i mindre bolker og engasjere egnet kompetanse til utførelse (se i sammenheng med den bygningsdelen som til enhver tid restaureres) eller utsette på ubestemt tid. Andre tiltak må prioriteres, utsettes derfor på ubestemt tid.
Langsiktig tilgang på steinressurser	Forprosjekt. Befaring på Allmenningen med Trøndelag fylkeskommune. Notat som utgangspunkt for prosjektbeskrivelse for småskala uttak av stein er utarbeidet. Endring av drift i Grundnes vurderes. DMF kontaktet for å få klarlagt hva det vil innebære. Det kreves at ny (revidert) driftsplan fremlegges.
Bygningsdeler restaurert etter 1999 Utarbeide rutine for ettersyn/ vedlikehold	Korets søndre fasade, sørøstre trappetårn, Kongeinngangen (og Sørgavlén). Under arbeid, ferdigstilles 2026.
Stål/ smijern ND Utarbeide rutine for ettersyn og vedlikehold	Utfordringer mht. kapasitet. Utført. Rutinen utprøves og justeres (om nødvendig) våren 2026.
Revidere instruks for utleie/ bruk av ND ved utleie/ arrangement	Etterslep fra 2024. Ikke utført.
Gjennomgang av etablerte rutiner for målinger, ettersyn og oppfølging ND	Fungerer rutineene? Er det behov for endrete eller nye rutiner? Qsv... Under arbeid, ferdigstilles første kvartal 2026.
Utarbeide/ revidere rekrutterings-/ kompetanse(utviklings)plan	Tilpasse bemanning og kompetanse til restaureringsplanen og andre oppgaver. Under arbeid. De første endringene er tatt opp i SU.
Løpende vedlikehold og sikring	Påkommende - ikke spesifiserte oppgaver. Vestfronparapet: Dekket rengjort og kontrollert, lemmer reparert. Skipets sideskip: Kontrollert etter steinnedfall, noe sikring/ konsoliderende tiltak utført. Midlertidige avsperringer (jf. steinnedfall) rundt ND er utvidet.

Planlegging, undersøkelser og utredninger
Vedlikehold
Sikring
Restaurering
Middelaldermaterialet
Nye installasjoner
Planer, avtaler og rutiner med relasjon til restaureringsplanen

Formidling

Overordna mål 2: Historia til Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden skal gjerast tilgjengeleg og formidlast til publikum. Formidlinga skal skape refleksjon og forståing, ta i bruk moderne metodar og vere tilpassa ulike målgrupper.

Historia til Nidarosdomen og Erkebispegarden i eit større perspektiv

Formidlingsplanen for publikumsavdelinga set ramma for og gir retning til NDRs formidlings- og kommunikasjonsverksemd. To av periodemåla for 2025 set fokus på utviklinga av tilboda våre i Nidarosdomen og Erkebispegarden. I 2025 skal vi tilby eit variert og mangfaldig formidlingstilbod i Nidarosdomen og Erkebispegarden. Dette skal vi gjere gjennom omvisingar og utstillingar. Vidare er det eit mål at Erkebispegarden skal vidareutviklast som ein levande heilårs kulturarena for lokalt og regionalt publikum. Dette målet er todelt der ein del fokuserer på formidling og etablerte arrangement, medan den andre delen handlar om ei langsiktig utvikling av Erkebispegarden.

Formidlingstilbod i Nidarosdomen og Erkebispegarden

Året starta sterkt med eit utvida tilbod under Ski-VM og vinterferien. Opningstidene i Nidarosdomen vart i samarbeid med meinigheita utvida under Ski-VM for å gjere kyrkja mest mogleg tilgjengeleg for publikum. Det vart utarbeidd eit program tilpassa lokalpublikum og tilreisande i ulike alderssegment, som escaperoom, kjellarvandring og opne omvisingar på norsk og engelsk.

Til liks med andre kulturinstitusjonar i byen, opplevde vi færre besøkjande enn venta. Nidarosdomen fekk likevel god eksponering både til eit norsk og eit internasjonalt publikum i samband med TV-overføringar frå opningsseremonien og dei daglege medaljeseremoniane.

I tillegg hadde både Eurosport og TV2 innslag frå Nidarosdomen som ein del VM-sendingane sine. Pauseinnslaget på Eurosport vart sendt til sjåarar i meir enn 50 land. Vi fekk også formidla katedralens historie til TV2s sjåarar gjennom tre innslag på «God morgen Norge».

Omvisingar er eit av kjerneproduka våre i formidling av Nidarosdomens og Erkebispegardens historie. Rekruttering og opplæring av nye guidar som lærer å setje saman eigne historier og dessutan utarbeiding av nye manus, bidreg til at omvisingstilbodet er i stadig utvikling. Det er i år utarbeidd følgjande nye manus tilpassa ulike målgrupper:

«Vestfronten – Nordens største skulpturprosjekt»: Omvisinga gir eit innblikk i Vestfrontens spennande historie. Kva historier fortel den rikt utsmykka fasaden, kven har gitt ansikt til statuane og kva er bakgrunnen for at dei nye dørene skal vere raude?

Omvisinga inngjekk i haustprogrammet til Kulturell spaserstokk, og var så populær at ho vart straks utseld med 126 personar på venteliste. Vi utvida derfor tilbodet med fleire tidspunkt.

«Sommer i Borggården» er ein festival retta mot barnefamiliar, men vi tilbyr også aktivitetar som passar ei litt eldre målgruppe. Under Sommer i Borggården i år vart det tilbode ei *ny omvising i Herresalen og Regalierommet*. Målsetjinga var å auke kjennskapen til Erkebispegarden ved å gi ein kort introduksjon til Erkebispegardens historie og invitere inn i dei romma som vanlegvis ikkje er tilgjengelege for publikum. Omvisinga vart gjennomført i samarbeid med dramaformidlarar for å levandegjere historia og gjere omvisinga både lærerik og leiken. Det var i underkant av 50 personar som nytta seg av tilbodet under festivalen. Denne omvisinga er eit tilbod for vaksne og ungdom frå 14 år.

«På sporet av steinhuggerne i Nidarosdomen» var eit anna nytt tilbod under Sommer i Borggården der ungdom og vaksne fekk bli med ein av NDRs arkeologar på oppdagingsferd med lommelykt og lære om betydninga av steinhoggarmerka.

Det er ei målsetjing at fleire skal vitje *riksregalieutstillinga* og bli kjend med historia og betydninga av riksregalia, og tilknytninga til Nidarosdomen som kroningskyrkje. Vi har derfor utvikla nye manus med dette som tema for ulike målgrupper, blant dei til ungdomsskule og vidaregåande skule. Tidlegare har det berre vore mogleg for tinga grupper å få omvising i utstillinga, men frå hausten 2025 har vi hatt opne omvisingar på sundager som ein del av vårt faste formidlingsprogram.



Årets utstilling på Vestfrontplassen: Damer, Dyr og Djevler. Foto: Elisa Kartum/NDR

Utstillinga «*Damer, dyr og djevler*» - *Nidarosdomens mange ansikter*, vart opna 6. juni av preses på Vestfrontplassen utanfor Nidarosdomen. Dei romanske konsollhovuda høgt oppe under takskjegget til tverrskipet er vanskelege å få auge på, men er no dokumenterte med foto. Publikum fekk gjennom desse høve til å sjå nokre av dei mest særeigne skulpturane til katedralen på nært hald for første gong. Konsollhovuda representerer ei underleg verd av dyr, menneske og djevlar. Dei vart laga av steinhoggarane ved katedralen på midten av 1100-talet. Ei målsetjing med utstillinga var å vise likskapstrekka til skulpturane med dei berømte Lewis-sjakkbrikkene som blir presenterte i utstillinga «*Havets Elfenben*» ved NTNU Vitenskapsmuseet og å skape auka interesse for Museet Erkebispegårdens skulptursamling.



Publikumsvertane tek imot publikum med godt humør!

Frå opningsdagen til Sommer i Borggården.

Foto: Elisa Kartum/NDR



Direktøren prøver seg som steinhogger under årets Sommer i Borggården.

Foto: Elisa Kartum/NDR

Erkebispegarden som ein levande heilårs kulturarena

Utvikling av Erkebispegarden som kulturarena er viktig for å oppnå auka besøk, få våre besøkjande til å bruke meir tid hos oss og auke innteningspotensialet. I 2022 vart det køyrt eit skisseprosjekt for nye utstillingar og ein moglegheitsstudie for uteareala våre. Prosjekta har vorte følgde opp i 2025 med tanke på finansiering, spesifisering av enkelte element og vidare utgreiing. Like viktig er det at vi lykkast i å kommunisere eksisterande tilbod og aktivitetar i Erkebispegarden.

«Sommer i Borggården» vart arrangert for 6. gong i sommar. Som vanleg var handverkarane frå Bygghytta godt representerte. Både steinhoggarar, smedar, gipsmakarar og glasverkstaden demonstrerte handverk og lét publikum få prøve seg. Blant nyheitene i år var Shakespeare på Sparbu-dialekt i kvelvromma, Are Sende Osen som fortale om trøblete trønderar i Herresalen og eit heilt nytt escaperoom i museet. Festivalen har god måloppnåing i forhold til målsetjingane til festivalen:

- tilby eit attraktivt og variert program med fokus på unike programtilbod knytte til anlegget og NDRs verksemd, slik som mini-arkeologen, teiknekonkurranse for nye glasmåleri i Nidarosdomen, møte med handverkarane, gipsverkstad mm.
- gjere Erkebispegarden tilgjengeleg og skape eit attraktivt byrom i borggården ved å tilby matservering, handverkarar, musikk mm.
- formidle kunnskap på ein leiken måte ved å tilby escaperoom, teater mm.

Gjennom fem år med «Sommer i Borggården» har vi styrkt Erkebispegardens posisjon som attraktiv arena for kultur og opplevingar. Det viser talet på besøkjande, talet på selde billetter og medieomtale av festivalen. Festivalen har også bidrege til auka kjennskap til Erkebispegarden og bygghytte i NDR ved brei medieomtale, godt besøk til Bygghytta sine tilbod og besøk i Erkebispegarden. Under «Sommer i Borggården» 2025 vart det registrert 25 000 besøkjande i Erkebispegarden.

For tredje året på rad arrangerte vi «*Spøkelsesslottet Erkebispegården*» på Halloween 31. oktober. Arrangementet inneber at nokre av dei eldste delane av Erkebispegarden blir rigga om til eit forhistorisk spøkjelseshus, der dei ulike tidsepokane i Erkebispegarden blir tematiserte. Gjennom arrangementet har vi nådd målsetjinga om å tilgjengeleggjere og formidle Erkebispegardens historie på ein leiken måte. Vi ser også at dette er eit arrangement der vi lykkast godt i å nå ungdommar og studentar. Arrangementet har hatt eit aukande tal besøkjande kvart år, og hadde i 2025 eit besøkstal på 227 personar. Dette utgjer ein auke på 35,1 prosent frå 2024.

Moglegheitsstudiet frå 2022 for NDRs uteområde er vidareført. Eksterne fagpersonar er engasjerte for å hjelpe til i arbeidet med konkretisering av mål, spesifisering av enkelte tiltak, med kostnadsrekning i samsvar med styrevedtaket oktober 2023, som spesifiserer områda vi no jobbar med. I starten av 2025 engasjerte vi arkitekt og landskapsarkitekt for å jobbe med ei konkretisering av moglegheitsstudien for

uteområda. Dette for å få på plass meir konkret planverk og ei meir konkret budsjetttramme. Saman med ei intern arbeidsgruppe vart rapporten frå Arkitektskap ferdigstilt i februar og lagd fram for styret til behandling. Det bli arbeidd vidare med finansieringa, som er krevjande. Dette er nokre av NDRs hovudprosjekt for Olavsjubileet i 2030.

I november var det 100 år sidan domkyrkjearkitekt Olaf Nordhagen døydde. Han blir rekna som den viktigaste arkitekten bak restaureringa av Nidarosdomens vestfront. I det høvet vart det laga ei lita utstilling om Nordhagen i Lavetthuset i Erkebispegarden, som ei utviding av «De som bygde Domen». Det var god oppslutning både på opninga 17. november og føredraget «Olaf Nordhagen og Nidarosdomen».



Utstillingsopning: *Olaf Nordhagen 1883–1925*.

Foto: Elisa Kartum/NDR



Frå *En Medtsåmmårnattsdrøm*.

Ein av fleire aktivitetar under Sommer i Borggården.

Foto: Elisa Kartum/NDR

Profesjonalisering av kundereisa

Det er behov for å profesjonalisere kundemottak med nytt bookingsystem. I 2023 vart det jobba med løysing knytt til eksisterande kassa- og billettsalssystem, og det vart planlagt at ein kravspek skulle ferdigstillast i starten av 2024 for å kartleggje moglegheitene og endelege kostnader for utvikling. I første halvår av 2024 vart det, etter planen, sett i gang ei utgreiing av om nytt bookingsystem kan knytast til eksisterande kasse- og billettsalssystem. Dette prosjektet vart avslutta tidleg hausten 2024, då ein tydeleg og gjennomarbeidd kravspek ikkje vart levert av leverandør. I 2025 er det nedsett ei arbeidsgruppe som har oppdatert kravspek og er i dialog med moglege leverandørar. Andre eksisterande system har utvikla seg mykje sidan tilbodsinnhentinga som vart gjort i 2022. Det er likevel viktig at slike tilpassingar ikkje reduserer det grunnleggjande inntektsgrunnlaget monaleg. Arbeidet held fram inn i 2026.

I tillegg til behovet for profesjonalisering av kundemottak med nytt bookingsystem er det i 2025 også arbeidd med å tydeleggjere rammene for utleige. Det er utarbeidd ein rapport som skildrar den kulturminnehistoriske betydninga til dei ulike delane av Erkebispegarden og uteareala. Rapporten påpeikar moglegheiter og sårbarheiter knytte til bruk. I tillegg er det gjennomført prøveboringar på uteområda for å fastslå vektavgrensingar. Med bakgrunn i rapporten og målingane skal det utarbeidast tydelegare skildringar av utleigetilboda våre. Vi har starta med å utarbeide rettleiarar for låntakarar. Målet med desse rettleiarane er at dei skal definere kva tilbod og avgrensingar vi har til utleige. Arbeidet held fram inn i 2026.



Miniarkeologen er ein populær aktivitet under Sommer i Borggården.
Foto: Elisa Kartum/NDR

Resultatindikatorar

STYRINGSPARAMETER	RESULTAT 2023	RESULTAT 2024	MÅL 2025	RESULTAT 2025	ENDR. %/STK. 2024 - 25
BESØKSTAL BASERT PÅ UTFERDA BILLETTAR NIDAROS DOMKYRKJE	212 530	236 910*	210 000	245 907	+3,8 % / +8 997
BESØKSTAL BASERT PÅ UTFERDA BILLETTAR ERKEBISPEGARDEN	31 230	33 308	33 000	38 439	+15,4 % / +5 131
UTFERDA BILLETTAR SPESIALTILBOD	14 143	13 782	14 000	13 727	-0,4 % / -55
GJESTER ARRANGEMENT	14 785	14 357	14 000	16 387	+14,4 % / +2 030
TOTALE BESØKSTAL BASERT PÅ UTFERDA BILLETTAR - NIDAROS DOMKYRKJE OG ERKEBISPEGARDEN	272 688	298 357*	271 000	314 460	+5,4 % / +16 103
VAREOMSETNING BUTIKK	5 398 334	6 286 371	6 000 000	6 824 489	+8,56 % / +538 118

* I 2025 vart det oppdaga ein feil i utrekninga av tal selde billetter for Nidarosdomen i 2024. Kolonne for 2024 er derfor oppdatert med korrekt tal.

Besøkstala gir ikkje ei fullstendig oversikt over totale besøkjande i Nidaros domkyrkje då oversikta ikkje inkluderer besøkjande til konsertar og kyrkjelege handlingar der det ikkje blir løyst inn billett hos NDR. I år har vi ein auke av utferda billetter både i Nidarosdomen og Erkebispegarden samanlikna med tidlegare år. Dersom vi ser nærare på prosentendring, er det utferda billetter til Erkebispegarden og til gjester på arrangement som skil seg mest ut. Det siste året har det vore auka fokus på å auke besøkstala i Erkebispegarden, og det har vore sett i gang tiltak for å auke sal av billetter. Den auka veksten på talet på gjester på utleige og arrangement kjem hovudsakleg av nokre enkeltmottakingar med stor deltaking. Her er det viktig å presisere at det ikkje nødvendigvis er eit mål i seg sjølv at vi stadig aukar besøkjande på utleige. Vi forvaltar viktige historiske anlegg, og ein auke i utleige og arrangement skal ikkje overskride tolegrensa til organisasjonen og anlegga. For å sikre at balansen mellom tolegrense og ønske om auka aktivitet og inntekt til alle bli overhalden til ei kvar tid, er det derfor viktig at vi set tydelege rammer i det vidare arbeidet med utviklinga av utleigetilbodet. Totalt kan vi sjå at besøkstalet for Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden har ein auke på rett over 15 000 besøkjande. Vareomsetninga i butikken har også hatt ei god utvikling dei siste åra.

Nasjonalt kompetansesenter

Overordna mål 3: NDR skal halde oppe og vidareutvikle sin posisjon som eit nasjonalt kompetansesenter for restaurering av verneverdige bygningar i stein.

Som Nasjonalt kompetansesenter for verneverdige bygningar i stein (NKS) er ein naturleg del av oppdraget vårt å hjelpe andre aktørar som har behov for spesialkompetanse. For å kunne vere i front med denne kompetansen er det naturleg å både innhente og utveksle kunnskap med andre sentrale aktørar innanfor kulturminnevernet, som Trøndelag fylkeskommune og Riksantikvaren. Av den grunn er det mellom anna oppretta faglege samlingar mellom NKS og fylkeskommunen der ein kan utveksle erfaringar. Sameleis er det naturleg å utvikle eit tettare samarbeide med dei 17 andre bygghyttene som vart innskrivne på UNESCOs liste over gode vernepraksisar. Å knyte både formelle og meir uformelle kontaktar opp mot desse kollegaene er viktig for vidare utvikling i NKS.

NKS som samarbeidspartnar


Dei aller fleste faggruppene har også i år arrangert eller vore med på faglege seminar av ulik art. Dette er aktivitetar vi både har initiert sjølv, men også har er førespurt om frå andre, både nasjonalt og internasjonalt.

Vi har vore aktive bidragsytarar opp mot Kyrkebevaringsfondet, Norsk håndverksinstitutt, Kultur natt Trondheim og Trondheim Middelalderfestival for å nemne nokon. Det kan spesielt nemnast at vi var breitt representerte på vårsamlinga «Løfte håndverk» på Maihaugen, då mellom anna som føredragshaldar. Arrangør var Norsk håndverksinstitutt i samarbeid med Riksantikvaren. Dei valde å leggje haustsamlinga si til Erkebispegarden, og vi vart då naturleg sentrale i dette arrangementet òg.

Det er også flott å kjenne at ein er del av eit internasjonalt miljø, akkurat slik bygghytta til ein katedral skal vere. Vi har vore med på internasjonal steinhoggarfestival i Halifax i England, på Building Limes Forum sitt årlege arrangement i Wales og på Nordisk Forum for bygningskalk i Stockholm. Det er halde føredrag om «Lensherre Oluf Parsberg og Domen» på Nasjonalmuseet i København, og vi har vore med på den årleg Dombaumeistertagung. For første gong vart dette arrangert i England, nærare bestemt London. Under dette arrangementet møter vi også fleire av UNESCO-kollegaene våre, noko som er veldig inspirerende.

Vi har også halde føredrag i York i England i samband med opninga av dei nye verkstadene der. I samband med dørprosjektet har ein vore på studiereiser til Paris, York, Durham og Lincoln.

På glasverkstaden var lærlingane på to vekers utplassering hos den anerkjende glasverkstaden Peters Studios i Tyskland, ei svært lærerik og positiv erfaring for dei begge. I årets løp har glasverkstaden også hatt to personar på hospitering, ein konservator frå Oslo og ein konserveringsstudent frå Danmark. I samband med Ski-VM har lærlingane våre delteke i eit spesielt oppdrag; den 8. mars vart den store lampa til «Olavsflammen» tent på scena under avslutningsseremonien for Ski-VM i Trondheim. Dette var eit flott tverrfagleg samarbeid mellom lærlingane på glasverkstaden og lærlingar frå Aker Solutions Verdal og Langnes og Bakkan Blikkenslagerforretning.



Olavsflamma under medaljeseremoni i høve VM 2025. Foto: NDR

Prosjekt

Bygghytta er involvert i to prosjekt finansiert av Kyrkjebevaringsfondet. Historiske kalkmørtlar i mellomalderske steinkyrkjjer er eitt av dei. Prosjektet blir leidd av NDR, og har komme godt i gang. Her prøver vi å samle og analysere dei ulike mørtlane som er å finne rundt om i landet og katalogisere desse. Arbeidet skal gi kunnskap om dei historiske mørtlane som vil bli ein verdfull ressurs for kommande restaureringsprosjekt på dei ulike steinkyrkjene i landet. Samarbeidspartnarar i prosjektet er Fabrica Kulturminnetjenester, Noregs Geologiske Undersøkelser og Seir Materialanalyse.

Det andre prosjektet finansiert av Kyrkjebevaringsfondet, gjeld to pilotar for desentralisert studium i Bygningsvern og restaurering ved NTNU. Dette er eit samarbeid mellom NDR, Innlandet fylkeskommune og NTNU, og i haust vart to pilotar gjennomførte. Den siste piloten blir utført etterjuls vinteren 2026. Eit ferdig studieløp vil vere ferdig planlagt i mars 2026, og Kyrkjebevaringsfondet er søkt om finansiering av studiet.

Rekrutterings- og kompetanseutvikling

Det er laga ein revidert plan for rekruttering og kompetanseutvikling. Planen belyser behova Bygghytta har opp mot dei store arbeida som står framfor oss dei kommande åra, og realiteten av at ein no er inne i eit stort generasjonsskifte i denne avdelinga. NDR sin økonomi vil vere utslagsgivande for om ein får gjennomført delar av eller heile planen.

Andre aktivitetar

Forsknings- og utgreiingsoppgåvene har det som vanleg vore mange, og av høgst ulik karakter. Forskningsarbeidet på steinhoggarmarka har i år ført til ein rapport om steinhoggarmarka i tverrskipet. Det er også laga ei ny omvising til «Sommer i Borggården» om det same temaet.

Digitalisering av teikningar og publisering av både dei og fotosamlinga vår, går sin gang. Fleire teikningar og mange bilete er no tilgjengelege i DigitaltMuseum.

Domkyrkjearkitekt Christies årsrapportar og dagbøkene til byggjeleiarane er i ferd med å bli gjorde meir tilgjengelege. Årsrapportane 1872–1907 er ferdig redigerte og er tilgjengeleg digitalt, og i tillegg er 50 eksemplar trykte opp. Dagbøkene frå åra 1891–1938 er ferdige og klare til trykking.

Det er skrive fleire artiklar i ulike publikasjonar. Her kan nemnast artikkel til ny bok om Steinvikholmen og til ei ny bok og utstilling om Olaf Nordhagen. Det siste på grunn av at det i år er 100 år sidan den tidlegare domkyrkjearkitekten døyde. Det er også starta med artikkelproduksjon til det nye bokverket om Nidarosdomen, som skal stå ferdig til 2030. Dessutan har ei rekkje forfattarar bidrege til at vi også i år har ei innhaldsrik årbok.


Varetaking av interiør og samlingane våre er eit kontinuerleg arbeid. Det er alt frå årleg vedlikehald til planlagde konserveringsoppgåver. Vi har også utlån av gjenstandane våre, som Myhlenphorts gravkammerport. Dette er eit langtidsutlån til Nordmørsmusea i det nyopna kulturhuset Normoria i Kristiansund. Vi har også lånt ut to skulpturar i steinsamlinga vår til NTNU Vitenskapsmuseet og utstillinga «Havets elfenbein». Under same «sjakkrelaterte» tema bidrog bygghytta til å lage NDRs biletutstilling på Vestfrontplassen og ei spesialomvising i Olavskapellet.

Det har vore jobba med planar for reingjering av det store sølvkrusifikset i Nidarosdomen, og sjølve arbeidet vart utført i oktober månad. Sameleis blir det planlagt ei omfattande restaurering av gyllenlêrstolane til kyrkja og lysekroner.

Tagging har dessverre vorte eitt aukande problem på fasadane våre, og fjerning av desse krev ressursar som burde vorte brukt på andre oppgåver. Men det er viktig å få fjerna skadeverket så raskt som mogleg, men på ein skånsam måte. Konservatoren vår har inneverande år fjerna tagging frå mellom anna austsida av Bakeriet i Erkebispegarden.

Som ein kan lese om seinare i rapporten, har snikkarane vore sentrale i arbeidet med å byggje ny pilegrimsbu på Frøset i Bymarka her i Trondheim. Dette er eit flott samarbeidsprosjekt med kollegaene våre i Nasjonalt Pilegrimscenter, der også murarane våre har delteke som faglege rådgivarar i samband med murararbeidet.

Glasverkstaden har også hatt eksterne oppdrag; dei har restaurert glasmåleria i Hesby kyrkje, blyglasvindaugane frå 1700-talet frå både Sverresborg Trøndelag Folkemuseum og frå Moster gamle kyrkje har vorte restaurert og det har vorte gjennomført uttak av glasmåleri frå Narvik kyrkje. Dei sistnemnde glasmåleria, 78 felt fordelte på 12 vindaugane, blir restaurerte på verkstaden i Bispegata før dei skal monterast tilbake våren 2026. Geir Lyshaug, den tidlegare restaureringsteknikaren vår på glas, er leigd inn for bistand i arbeidet med Narvik kyrkje. Artiklar om fleire av prosjekta til glasverkstaden er å finne i utgåva av årboka i år til Bygghytta.



Også i år har vi gjennomført ein open dag i Bygghytta. Dette er eit svært populært og godt besøkt tilbod der handverkarane demonstrerer og svarer på spørsmål frå publikum. Gjennom året tek vi også imot bestilte grupper for omvising i verkstadene. Formidlinga av handverket har eit stort potensial.

I smia har restaurering av smijernsrekkverket på Austråttborga i Ørland kommune vore eit stort prosjekt på oppdrag for Statsbygg. Prosjekt er veldig omfattande og krev både kulturhistorisk forståing og kunnskap om konservering og restaurering av smijern. Eit ukjent tal lag måling er fjerna, noko som gjer at vi no ser tilstanden til rekkverket mykje betre. I tillegg til representantar frå Statsbygg, har både Riksantikvaren og Teknisk museum vore med i diskusjonane og avgjerdene. Det praktiske arbeidet er no godt i gang og blir ferdigstilt i 2026.

Resultatindikatorar

Frå 2024 vart det bestemt å ikkje inkludere talet på oppdrag i oversikta over resultat då det fungerer dårleg som ein styringsparameter. Grunnen er at eitt stort oppdrag kan innebere langt større satsing på eksterne oppdrag enn ti små prosjekt. I 2025 vart det også bestemt å fjerne mål om omsetning frå årsplan og årsrapport. Dette vart bestemt med bakgrunn i at talet på eksterne oppdrag vil svinge frå år til år både gå grunn av etterspurnad og prioritering av eigne ressursar. Mellom anna kan Kyrkebevaringsfondets prioriteringar påverke oppdragsmengda vår, noko vi ikkje har påverka på sjølv.



Open dag i Bygghytta. Foto: NDR

Foto: NDR



Pilegrimsarbeidet

Overordna mål 4: Pilegrimsarbeidet skal bidra til verdiskaping og positiv utvikling langs St. Olavsvegane til Trondheim. Det skal ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring og samtidig vere ope og inkluderande for menneske med ulik tru, kultur og tradisjon.

Tiltak langs hovudleiene

Gjennom 2025 har vi vektlagt hovudoppdraget – verdiskaping og positiv utvikling – og våre mest prioriterte leier: Gudbrandsdalsleia og St. Olavsleia. Det er langs desse to leiene (ledene) vi har lagt grunnlaget for merkevarebygginga og den aukande interessa for pilegrimsvandringar dei siste åra, og det er langs Gudbrandsdalsleia vi har best utbygd kapasitet og annan infrastruktur. Det er viktig å halde oppe Gudbrandsdalsleia som satsingsområde og hovudlei for pilegrimsarbeidet, her er trafikken størst, og det er strekninga/merkevara som er best kjend i utlandet. Etter Gudbrandsdalsleia er det St. Olavsleia som har størst kjennskap og mest trafikk, eit resultat av felles satsing og godt samarbeid med svenske aktørar. I samsvar med Langtidsplanen er desse to leiene framleis våre viktigaste satsingsområde, sjølv om vi også arbeider med dei andre – då ikkje minst Kystpilegrimsleia og Borgleia, der vi har regionale sentrum.

Eit hovudspørsmål gjennom 2025 har vore korleis vi best kan – saman med dei regionale sentera – styrkje kvaliteten og kapasiteten på Pilegrimsleia/Pilegrimsleden, gjennom vekt på merking, rydding og skjøtsel, og dessutan kjeda av små og store overnattingsstader langs leiene.

Nasjonalt pilegrimssenter sitt ansvar er å vere pådrivar og vareta det nasjonale fagansvaret, medan dei regionale sentera er det viktige operative leddet i regionane sine. Gjennom 2025 har dei laga fullstendige kapasitetsoversikter for overnattingstilbodet i regionane sine, som grunnlag for ei vedhaldande systematisk jobbing med nyrekruttering og auke i tilbodet i åra framover. Dette handlar både om talet på senger, men også type standard. Pilegrimane er ei mangfaldig gruppe som søker variasjon. I tillegg er den faktiske nære kontakten med alle vertskap viktig. Mange av aktørane som tilbyr overnatting, er småskalabedrifter.

Vi har vidare jobba med utvikling av ein kvalitetsstandard for rydding, merking og skjøtsel av pilegrimsleia. Standarden skal gjere det lettare for både oss, regionale senter, kommunar og merkemannskap å vere sameint i kva vi definerer som god merking og skjøtsel av pilegrimsleia – med tekst og bilete frå felt. Målet er å sikre ei endå betre fysisk lei over tid, og skape mindre uvisse hos alle som har ei rolle i dette arbeidet. Grunnlaget er lagt gjennom systematiske synfaringar i 2025, og arbeidet held fram i 2026.

Vidare har vi ferdigstilt pilegrimsbua i Trondheim, som del av prosjektet «Servicebuer på Pilegrimsleden». Med tre toalett, drikkevatn, lademoglegheiter og ein stor gapahuk har dette vorte eit skikkeleg løft for pilegrimsleia gjennom Trondheim, og for kommunen også ein del av satsinga deira på både friluftsliv og 2030. Fleire buer langs Gudbrandsdalsleia er under planlegging for 2026.

Til sist bør det nemnast ein større jobb med betring av alle digitale kartspor for dei ni godkjende pilegrimsleiene våre, og dessutan viktige faglege bidrag i prosessen som leidde fram til tiltaksplanane for villrein. Pilegrimsleia passerer gjennom områda Rondane og Knutshø (over Dovrefjell), og saman med regionalt pilegrimssenter Dovrefjell har vi bidrege med faglege innspel i prosessen fram mot dei ferdige tiltaksplanane til departementet, og er ansvarleggjorde for å setje i verk fleire avbøtande tiltak i åra framover. Her er planlegging i gang.

Samarbeidet med reiselivsaktørar

Vi har i løpet av året hatt god kontakt med Visit Norway både i Noreg og i utlandet. Vi var med på den årlege Norwegian Travel Workshop her i Noreg i april, men også i London i juni (arrangerte av Visit Norways avdeling der). Mot slutten av året byrja vi dessutan planlegging av ein lengre pressetur på pilegrimsleia sommaren 2026, arrangert i fellesskap. I tillegg har vi løpande tett kontakt med Trøndelag reiseliv, då dei siste 100 km av pilegrimsleia er ei særleg nasjonal satsing – i tillegg til sjølve pilegrimsmålet Nidarosdomen.

Dei regionale sentera er alle i god kontakt med dei regionale visit-selskapa sine, primært for å gjere pilegrimsleia kjend som kulturhistorisk reiselivsprodukt gjennom regionen,

men også med mål om synleggjering, aktivitetar og inkludering av pilegrimsleia i regionale opplevingar. Frå 2025 sel eksempelvis Visit Oslo pilegrimspass hos turistinformasjonen hos Oslo S, og Visit Øst-Norge tok med fleire nederlandske turoperatørar på visningsturar langs pilegrimsleia og til Trondheim. Begge deler var resultat av godt samarbeid med dei regionale sentera i området.

Hausten 2025 fekk vi dessutan ein kronikk på trykk i ti lokalaviser langs heile Gudbrandsdalsleia, med tittelen «Pilegrimsleden bidrar med store verdier til lokalsamfunn». Kronikken løftar fram at pilegrimsleia faktisk bidreg til lokal verdiskaping i dei lokalsamfunna den passerer gjennom. Føremålet var å gjere dette betre kjent blant lokale og regionale aktørar, blant dei reiselivet, langs vår viktigaste lei. Med så brei synlegheit lykkast vi godt med det.



Milestein i ankomsthallen på Værnes – som ønskjer alle velkommen til Trondheim! I mai vart steinen avduka av ordførarane i Trondheim og Stjørdal, Kent Ranum og Eli Arnstad, saman med lufthamndirektør Marit Helene Stigen og Guro Berge Vistad, leiar for Nasjonalt pilegrimssenter. Milesteinen er ein del av Avinors satsing på Trøndelag som destinasjon i snart 1000 år. Foto: Hans Morten Løvrød/NDR

Marknadstiltak

Vi har arrangert to egne presseturar i år, langs dei siste 100 km av Gudbrandsdalsleia, med journalistar frå Storbritannia, Nederland og Noreg. I tillegg har vi vore med på fleire mindre turar i Trøndelags-regionen saman med andre reiselivsaktørar, og dessutan ein nederlandsk journalist på ein eigen tur langs St. Olavsleia. Turane har resultert i flotte oppslag i fleire norske og utanlandske medium, inkludert BBC Travel. Fleire er venta våren 2026.

Som ledd i det strategiske marknadsarbeidet vårt valde vi i 2025 å støtte gjennomføring av ein research-tur for ein guidebokforfattar frå britiske Cicerone Press, eit av dei største reisebokforlaga i verda. Å få gitt ut ei slik bok på dette tunge forlaget, gir ein enorm fordel i marknaden vi «konkurrerer» i, og vil ha svært stor verdi for å spreie kjennskap til leia i eit stort internasjonalt nedslagsfelt av vandre- og pilegrimsinteresserte. Forfattaren gjekk, uoppmoda og på eige initiativ og planlegging, heile Gudbrandsdalsleia i løpet av sommaren, og planlegg utgiving til 2027.

I tillegg til presseturar var vi til stades på ITB Berlin, ei av dei største turistmessene i verda, dette for å styrkje kontakten mot den tyske marknaden, og kunne planleggje ytterlegare spissa strategisk nærvær på denne messa i 2026. Her når vi turoperatørar og andre reiselivsaktørar som jobbar for og med den tyske marknaden. Vi treng å styrkje kontakten mot Tyskland etter noko nedgang i talet på tyske pilegrimar nokre år, og ønskjer samtidig å styrkje nettverket vårt av relevante tyske journalistar, turoperatørar og samarbeidspartnarar i reiselivet elles.

Vi køyrde ein stor digital kampanje våren 2025, som promoterte turforslag langs pilegrimsleia til eit nasjonalt og internasjonalt publikum. Dette var éin av faktorane som bidrog til å gi oss svært gode besøkstal på www.pilegrimsleden.no gjennom året – vi ser ein auke på heile 27 prosent frå 2024. Å få opp besøket til nettsida er heilt sentralt for å spreie grunnleggjande kjennskap om kva pilegrimsleia er, for deretter å få besøkjande til å bli inspirerte til å planleggje ein eigen tur. Kvalitetssikring av nettsida har derfor også vore høgt prioritert i 2025, inkludert vidareutvikling av den digitale turplanleggjaren vår. Innhald på nettsida bidreg også dei regionale sentera stort til.

Til slutt må det internasjonale arbeidet framhevast. Vi har framleis rolla som route manager og administrasjon for The Cultural Route of St. Olav Ways (gjennom den uavhengige medlemsorganisasjonen ACSOW), og dette internasjonale nettverket held fram med å vekse. I løpet av året har Spania vorte ein offisiell del av kulturruta St. Olav Ways, gjennom pilegrimsleia Camino dei san Olav og den regionale utviklingsorganisasjonen som har ansvar for denne 6 mil lange ruta frå Burgos til olavskapellet i Covvarubias. Arbeidet i Storbritannia har hatt god framdrift gjennom 2025, der Norfolk County Council satsar tungt på både koordinering og formidling av regionens band til olavsarven, og dessutan etablering av ei fysisk St. Olavsroute – med

mål om å høyre til nettverket av ruter mot Nidarosdomen og Trondheim. The cultural route of St. Olav Ways har no medlemmer i Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Estland, Storbritannia og Spania. I desember kom også generalsekretær for kulturrute-instituttet under Europarådet, Rui Gomes, på besøk til Trondheim.

Nasjonal pilegrimskonferanse 2025 og Arendalsuka

Nasjonal pilegrimskonferanse vart i 2025 halden i Sarpsborg. Konferansen er viktig for at Nasjonalt pilegrimssenter skal kunne ta ein tydeleg leiarskap i arbeidet med pilegrimsleier, utvikling av pilegrimsfenomenet, og å motivere dei ulike aktørane. 130 deltakarar var samla til to innhaldsrike konferansedagar i mars, med hovudtema folkehelse, friluftsliv og frivilligheit.

Her kan nemnast stiftinga Back in the Ring, som fortalde om dei årlege langvandringane sine på pilegrimsleia, som ein viktig del av rehabiliteringstilboda deira for rusavhengige og innsette. Miljødirektoratet delte erfaringar om god besøksforvaltning, og publikum fekk mellom anna høyre praktiske erfaringar om arbeid med pilegrimsleia frå fleire kommunar, fylke og frivillige. Det kom nyttig innsikt i ordninga med grøn resept, og korleis pilegrimsleia lokalt bør gjerast endå meir kjent for dette formålet. Den årlege Pilegrimsprisen 2025 gjekk til Rutt og Ola Skauge, for sitt store frivillige engasjement for pilegrimsleia i Skaun, organisering av overnatting i meir enn 15 år og kulturformidling av Skaun kyrkje.

Vi var også i år til stades på Arendalsuka. Her arrangerte vi samtalen «Pilegrimsleia – 3000 km kulturarv som næring», for å belyse og drøfte det faktumet at pilegrimsleia er eit breitt offentleg satsingsområde, totalt 3800 km gjennom mange kommunar og fylke, med stort lokalt potensial. Pilegrim har relevans som både levande kulturarv, friluftsliv, distriktsnæring og folkehelse. Med eit så breitt geografisk og tematisk nedslagsfelt som pilegrimsarbeidet har, er Arendalsuka ein viktig stad for oss å treffe både faglege samarbeidspartnarar, politikarar og alle andre nysgjerrige.



No kan du følgje pilegrimsmerking direkte frå Oslo S til startpunktet for Gudbrandsdalsleia i middelalderparken. Den fine oppmerka traséen på kring 1,5 km slyngjer seg forbi mellom anna Deichman bibliotek og Munchmuseet. Foto: Guro Berge Vistad/NDR

Pilegrimsleia som materiell og immateriell kulturarv

Vi har sett i gang dialog med fleire forfattarar, med førespurnad om bidrag til fagartiklar om det breie kulturhistoriske grunnlaget for Gudbrandsdalsleia. At NDR/NPS har eit forvaltningsansvar for kulturarven pilegrimsleia er noko av det som tydeleg skil oss frå reine friluftsansjasjonar eller reiselivsaktørar, og det er eit fundament vi må kommunisere tydelegare. Dei kulturminnefaglege aspekta vart tillagt stor vekt når dei ulike pilegrimsleiene vart etablerte og godkjende – og er noko av årsaka til at pilegrimsarbeidet i dag har utgangspunktet sitt i ein statleg strategi. Desse prosessane held fram i 2026, med mål om å få det kulturminnefaglege grunnlaget for Gudbrandsdalsleia tydelegare fram både i marknadsføring og generell formidling av forvaltningsoppdraget vårt.

Avdelinga har også gjennom 2025 sett i gang dialog med fleire fylkeskommunar langs Gudbrandsdalsleia, for å kartleggje status for grunnlagsmaterialet frå åra leia vart oppretta (1994–1997). Gitt breidda i involverte forvaltningsnivå både då og no, og dessutan utskifting av personell gjennom åra, ser vi at vi treng å både å få samla og digitalisert dette viktige arkivmaterialet – for å sikre leia som ei unik, kulturhistorisk rute også framover, i tett samarbeid med fylkeskommunane som regional kulturminnestyresmakt. Dette arbeidet held fram gjennom 2026.

Forvaltning av tilskotsmidlar

NDR fekk i 2025 tildelt 9,5 millionar kroner som tilskotsmidlar til fordeling blant dei regionale pilegrimssentra (RPS) på dei godkjende pilegrimsleiene. I tillegg kom 1 million kroner i revidert nasjonalbudsjett i juni, øyremerkt til sentra langs Kystpilegrimsleia. I 2024 var tilskotsposten 9,180 millionar kroner.

Midlane er fordelte med 1,090 mill.kr til RPS Trondheim, og 1,039 mill.kr til RPS Dale-Gudbrand, RPS Granavollen, RPS Hamar og RPS Dovrefjell, og dessutan 1,080 mill.kr til RPS Oslo. Vidare er det tildelt 0,504 mill.kr til RPS Stiklestad og 0,486 mill.kr til RPS Sarpsborg. 0,546 mill.kr er fordelte til kvart av sentera på Kystpilegrimsleia: RPS Avaldsnes, RPS Bergen, RPS Selje og RPS Smøla, og dessutan 0,250 mill.kr ekstra etter revidert nasjonalbudsjett på kvart av desse fire sentera, utbetalt i november.

RPS Trondheim sa frå seg, på grunn av kapasitetsutfordringar, 50 000 kr av tildelinga si, øyremerkt ei oppgåve med å utarbeide ein utfyllande skriftleg statistikkrapport på bakgrunn av tala innsamla i pilegrimsmottaket. Desse 50 000 kr vart fordelte likt på dei elleve andre sentera.

Midlane er tildelte gjennom individuelle tildelingsbrev på bakgrunn av søknad frå kvart enkelt senter, og det er teke imot rapportar om korleis fjorårsmidlane er brukte. Det blir også gjennomført årlege dialogmøte med kvart RPS. I tildelingsbreva til dei regionale sentera blir vilkår presisert, krav til rapportering og eventuelle kontrolltiltak ved utbetalinga av tilskot, basert på retningslinjer frå Kultur- og likestillingsdepartementet for tilskotsmottakarar. Det er også forma ut «Kriterium for tildeling av driftstilskot for regionale pilegrimssenter» (5.1.2024, oppdatert 6.1.2025) for tildeling av tilskot frå denne posten. NDR har dessutan interne retningslinjer for disponering av tilskotsmidlar.

NDR har inngått rammeavtalar med alle regionale senter som inngår i nettverket av den statleg finansierte pilegrimssatsinga. Desse avtalane skildrar geografisk ansvarsområde til det respektive senteret, og dessutan oppgåve- og rolleavklaring mellom NDR og RPS.

Pilegrimsarbeidet lokalt i Trondheim har vore i ein utgreiingsfase hausten 2025, etter at styret i Stiftelsen Nidaros Pilegrimsgård vedtok å avslutte drifta og vidare søkje alle stiftarar om å slutte seg til å få stiftinga avvikla. Som éin av stiftarane var NDR del av denne prosessen. Både funksjonen som regionalt pilegrimssenter og pilegrimsmottak ved pilegrimsmålet har vore viktige funksjonar som Stiftelsen Nidaros Pilegrimsgård har vareteke. Seinhausten 2025 vart det inngått ein mellombels rammeavtale med Kirkelig fellestråd i Trondheim, som har teke på seg å huse funksjonen som regionalt pilegrimssenter Trondheim, i påvente av ny organisering.



Arendalsuka 2025.
Deltakarane i debatten
11. august 2025.

Foto: Mattias
Jansson/NDR



Pilegrimskonferansen vart
halden i konferansesalen
til Filadelfiakirken.

Foto: Sara Jacobsen/
Borgleden pilegrimssenter



Markering av opninga
av pilegrimsbua på
Frøset.

Foto: Elisa Kartum/NDR

Resultatindikatorar

STYRINGSPARAMETER	RESULTAT 2023	RESULTAT 2024	MÅL 2025	RESULTAT 2025
OVERNATTINGSDØGN PÅ:				
- GUDBRANDSDALSLEIA	14149	16 293	19 000	18 228
- ST. OLAVSLEIA	1910	2 173	2 173	2 154
UTFERDA OLAVSBREV 1)				
	1483	1 352	1 800	1 658
REGISTRERTE LANGVANDRARAR UT FRÅ OSLO	897	920	1 100	1 022
REGISTRERTE PASSERINGAR PÅ PILEGRIMSLEIA:				
• SOLSJØBYGDA, ORKDAL	Ikkje i drift	1 362	1 600	1 136
• KASTBERGA I BYMARKA, TRONDHEIM		2 817	3 100	2 466
TAL BRUKARAR PÅ	212 408	Tal besøk	Tal besøk	Tal besøk
WWW.PILEGRIMSLEDEN.NO 2)		344 292	396 000	437 455

1) Olavsbrevet blir gitt til pilegrimar som har gått minst dei siste 100 kilometerane inn til Nidarosdomen, og som møter opp på pilegrimsmottaket i Nidaros Pilegrimsgård (i 2025 i besøkssenteret ved Nidarosdomen frå 1. oktober).

2) 2024 var det første heile kalenderåret der vi ikkje lenger målte tal brukarar, men tal besøk/økter på nettsida, dette grunna styrkt personvern. Denne målemetoden held vi fram å nytte.

Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Overordna mål 1: Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden skal planmessig sikrast, vedlikehaldast og restaurerast basert på forskning og etter gjeldande internasjonale restaureringsprinsipp.

PERIODEMÅL	DELMÅL	KOMMENTAR	RESULTAT
1.1: PLANMESSIG RESTAURERING, FORVALTNING OG DRIFT AV NIDAROS DOMKYRKJE, ERKEBISPEGARDEN OG ØVRIGE BYGNINGAR UNDER VÅRT ANSVAR.	1.1.1 Restaurering søndre tverrskip	Arbeidet har gått etter planen	Oppnådd
	1.1.2 Taka på Nidarosdomen	Taka søndre vestfronttårn tetta. Framleis gjenstår mykje arbeid	Delvis oppnådd
	1.1.3 Etablere sikringsgjerde rundt Nidarosdomen	Planleggingsarbeid utført.	Delvis oppnådd.
	1.1.4 Restaurering av korets nordre fasade, nedre del	Planleggingsarbeidet utført etter plan.	Oppnådd
	1.1.5 Kartlegging/registrering av middelaldermurverk/-stein	Arbeidet utført etter plan, ferdig i 2026	Oppnådd
	1.1.6 Nye dører, Vestfrontportalane	Planlegging pågått heile året. Nokre mindre forseinkingar.	Delvis oppnådd.
	1.1.7 Grenaderen	Forprosjekt ferdigstilt etter plan.	Oppnådd
1.2: SIKRE TILGANG TIL NØDVENDIGE MATERIALAR AV RETT KVALITET FOR ULIKE VEDLIKEHALDS- OG RESTAURERINGSOPPGÅVER.	1.2.1 Sikre langsiktig tilgang på steinressursar til restaureringsføremål	Brotten stein for mange år fram i tid. Ny driftsplan under arbeid.	Delvis oppnådd
1.3: FORSKE PÅ OG UTGREIE ANLEGGASITAKNISKE OG SAMFUNNSMESSIGE HISTORIE OG UTVIKLE MATERIALAR OG HANDVERKSMETODAR FOR BEST MOGLEG VARETAKING AV ANLEGGASITAKNISKE OG UTVIKLEINGSRESULTAT	1.3.1 Ph.d.-prosjektet «en studie av Helge Thiis' bidrag til utformingen av Nidaros domkirke»	Arbeidet går sin gang og skal ferdigstillast i 2028.	Oppnådd
	1.3.2 Nytt bokverk om Nidarosdomen	Ferdig planlagt, søkt om ekstern finansiering.	Delvis oppnådd.
	1.3.3 Årbok 2025 – Bygghytta	Utgitt, også i 2025	Oppnådd.
1.4: BRUKE OG UTVIKLE DIGITALE DOKUMENTASJONSMETODAR OG ETABLERE DATABASAR FOR FORSKING, FORMIDLING OG FORVALTNING AV ANLEGGASITAKNISKE OG UTVIKLEINGSRESULTAT	1.4.1 Implementere bruk av 3D-modell med databasetilknytning til dokumentasjonsføremål	Arbeidet har komme vidare, men ikkje hatt ønskt framdrift.	Ikkje oppnådd.

Overordna mål 2: Historia til Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden skal gjerast tilgjengeleg og formidlast til publikum. Formidlinga skal skape refleksjon og forståing, ta i bruk moderne metodar og vere tilpassa ulike målgrupper.

PERIODEMÅL	DELMÅL	KOMMENTAR	RESULTAT
2.1: TILBY EIT VARIERT OG MANGFALDIG FORMIDLINGSTILBOD I NIDAROSDOMEN OG ERKEBISPEGARDEN.	2.1.1: Utvida tilbod i Nidarosdomen under Ski-VM		Gjennomført
	2.1.2: Vidareutvikling av omvisingstilbodet	Stadig pågåande arbeid. Planlagt arbeid er gjennomført	Gjennomført
	2.1.3: Utandørs utstilling på Vestfrontplassen		Gjennomført
2.2: ERKEBISPEGARDEN SKAL VIDAREUTVIKLAST SOM EIN LEVANDE HEILÅRS KULTURARENA FOR LOKALT OG REGIONALT PUBLIKUM.	2.2.1: Arrangere SiB 2025 og Halloween i oktober		Gjennomført
	2.2.2: Utvikle Erkebispegarden som eit attraktivt byrom + vidare arbeid for nye permanente utstillingar	Søker finansiering	Avvente
	2.2.3: Skiftande utstilling i Lavetthuset	Utvida utstilling med tema Olav Nordhagen	Gjennomført
2.3: PROFESJONALISERING AV HEILE KUNDEREISA.	2.3.1: Anskaffelse av bookingsystem	Pågåande arbeid	Held fram i 2026
	2.3.2: Etablere gode rutinar for utleige og pakketilbod	Pågåande arbeid	Held fram i 2026

Overordna mål 3: NDR skal halde oppe og vidareutvikle sin posisjon som eit nasjonalt kompetansesenter for restaurering av verneverdige bygningar i stein.

PERIODEMÅL	DELMÅL	KOMMENTAR	RESULTAT
MÅL 3: NDR SKAL HALDE OPPE OG VIDAREUTVIKLE SIN POSISJON SOM EIT NASJONALT KOMPETANSESENTER FOR RESTAURERING AV VERNEVERDIGE BYGNINGAR I STEIN.	3.1.1 Halde fram med å utvikle NKS til ein naturleg partner for forvaltarar av verneverdige bygningar i stein	Stor aktivitet, som alltid kunne vore meir aktiv.	Delvis oppnådd
	3.1.2 Historiske kalkmørtlar i middelaldersteinkyrkjer	Prosjektet går som planlagt, i år eitt av tre.	Oppnådd
	3.1.3 Utvikling av EVU-studium (Bachelorutdanning, Teknisk bygningsvern og restaurering)	Pilot gjennomført, og permanent studie under utvikling.	Oppnådd
	3.1.4 Revidere rekrutterings- og kompetanseplan	Utført, men kan vere vanskeleg å få gjennomført i heilskap (økonomi)	Oppnådd

Overordna mål 4: Pilegrimsarbeidet skal bidra til verdiskaping og positiv utvikling langs St. Olavsvegane til Trondheim. Det skal ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring og samtidig vere ope og inkluderande for menneske med ulike tru, kultur og tradisjon.

PERIODEMÅL	DELMÅL	KOMMENTAR	RESULTAT
4.1: BIDRA OG LEGGJE TIL RETTE FOR AUKA BRUK OG AUKA LØNSEMD FOR NÆRINGSAKTØRAR LANGS PILEGRIMSLEIA – PÅ LOKALT, REGIONALT OG NASJONALT NIVÅ.	4.1.1 Prioritere grunnleggjande tiltak langs hovudleiene: Styrkje infrastruktur og forbetre merkestandard, tilretteleggje for gradvis vekst i tal og type overnattingsstader.	Styrkje kvalitet og kapasitet, arbeid pågår i samarbeid med regionale senter. Merkestandard under utvikling	Utført – og pågåande.
	4.1.2 Styrkje det strategiske samarbeidet med reiselivsaktørar som regionale visit-selskap og Innovasjon Noreg, med mål om auka synlegheit på fleire flater.	Kontakt styrkt gjennom året, godt grunnlag for 2026.	Utført – og pågåande.
4.2: AUKE DEN NASJONALE OG INTERNASJONALE KJENNSKAPEN OG INTERESSA FOR PILEGRIMSLEIA OG NIDAROS DOMKYRKJE SOM PILEGRIMSMÅL	4.2.1 Auke og spisse strategisk forankra marknadstiltak, konsentrert mot våre viktigaste marknader.	Særs god trafikk til nettsiden, gode resultat av presseturar.	Utført
	4.2.2 Arrangere Nasjonal pilegrimskonferanse 2025, samt vere tilstades på Arendalsuka.		Oppnådd
4.3: STYRKJE OG UTVIKLE PILEGRIMSLEIA – ST. OLAVSVEGANE TIL TRONDHEIM OG OLAVSTRADISJONEN SOM FELLES EUROPEISK KULTURARV	4.3.1 Synleggjere pilegrimsleia som både materiell og immateriell kulturarv, gjennom fagartiklar.	Dialog i gang med forfattarar, samt initiert arkiv-dialog med fylkeskommunane.	Delvis oppnådd.



Erkebispegarden i vinterdrakt. Foto: Elisa Kartum/NDR



NDR og meinigheita er klar for VM! Foto: NDR

DEL IV – STYRING OG KONTROLL I

VERKSEMDA

Ein stor del av verksemda til NDR er knytt til løpande drift, som krev både ressursar og detaljerte løpande driftsplanar. Denne delen av verksemda er ikkje inkludert i dei overordna måla, men er like fullt viktig og blir følgd opp kontinuerleg. Det gjeld også innan drifts- og eigedomsforvaltning, IKT, tryggleik og beredskap, arkiv, personal, HMS, økonomi og innkjøp. Innanfor desse fagfelte finn vi fleire fellesføringar som det skal rapporterast om i årsrapporten. Mange av fellesføringane er godt integrerte i den løpande drifta av verksemda og blir følgde opp kontinuerleg. Del IV av rapporten går nærare inn i fellesføringane og andre krav til NDR.

Fellesføringar for alle statlege verksemdar i 2025

Regjeringa har slutta seg til at følgjande fellesføringar skal takast inn i tildelingsbrevva til alle statlege verksemdar:

1. systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk
2. positiv utvikling i talet på tilsetjingar med nedsett funksjonsevne og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring
3. redusere konsulentbruken

Vurdering av styring og kontroll

Restaureringsverksemda ved Nidaros domkyrkje (NDR) har god styring og kontroll og nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Langtidsplan for perioden 2023-2031 er utarbeidd med sikte på å skape ein gjennomgåande målstruktur og samanheng, under dette skape ei felles omgrepsforståing og sikre varetaking av heilskapsperspektivet gjennom tverrfagleg arbeid. Planen gir ei god plattform for utforming av årsplanar og årsrapportar, med fokus på måloppnåing gjennom delmål, og stabile resultatindikatorar/styringsparameter som indikasjon på måloppnåing over tid. I tillegg har det vorte utarbeidd ny restaureringsplan for Nidarosdomen som legg føringar for restaureringa dei neste ti åra. Internkontrollhandboka som digital løysing via intranett blir brukt aktivt, men vi opplever at dagens format gjer det utfordrande å bruke handboka som eit levande dokument. Derfor vart det påbyrja eit prosjekt for å oppdatere internkontrollhandboka i 2025. Dette er eit prosjekt som blir vidareført i 2026. Målet med prosjektet er ei internkontrollhandbok som har betre digitale

løysingar, som er meir oversiktleg og meir brukarvennleg, og som er lettare å oppdatere i samsvar med krav til verksemda og endringar i samfunnet. Heile internkontrollhandboka skal derfor reviderast og det er utarbeidd eit nytt dokumenthierarki som skal gjere det meir oversiktleg. Dokumenta skal delast inn i fire nivå der tildelingsbrevet er øvste nivå (nivå 0), deretter blir det delt inn i policyar (nivå 1), retningslinjer (nivå 2) og til sist prosedyrar og rutinar (nivå 3).

Arbeidet er forankra i leiinga, men det er venta at kvar avdeling skal bruke det nye mal-systemet for å oppdatere og revidere eksisterande rutinar og prosedyrar.

HMS

Som ein del av fellesføringa for berekraft er det spesifisert at NDR skal bidra til å oppfylle sosial og økonomisk berekraft. Dette inkluderer at det skal sikrast eit trygt, godt og inkluderande arbeidsmiljø. HMS-arbeidet vårt er basert på faste løpande rutinar knytte til arbeidsmiljølovas krav om eit systematisk helse-, miljø-, og tryggleiksarbeid i verksemda.

NDR er tilknytt profesjonell aktør på leveranse av bedriftshelsetenester som hjelper til i HMS-oppfølgingsarbeid. Vi har eit aktivt arbeidsmiljøutval (AMU), noko som sikrar tett og god oppfølging på eit tidleg stadium. Det blir gjennomført årlege vernarunder og opplæring i førstehjelp og tryggleik. Avvik og oppfølging av desse blir rapportert fast til AMU. Det er per tid to verneombod. Det vart likevel bestemt hausten 2025 å etablere eit ekstra verneombod for det publikumsretta arbeidet. Rolla blir gitt til ein av publikumsvertane og trer i kraft i januar 2026.

Personal- og organisasjonsmessige forhold

Årsverk

ÅR	AE M/DIR. OG STAB	NKS	PA	NPS	TOTALT
2022	12,1	27,3	17,7	3,2	60,3
2023	10,6	25,2	18,7	4,1	58,6
2024	12,41	27,12	19,71	4,07	63,31
2025	16,49	28,56	17,18	3,22	65,46

Tal er henta frå DFØ Innsikt for HR og Lønn, Års- og månedsverksanalyse.

Lærlingar

NDR har i 2025 hatt to lærlingar i blyglashandverkarfaget, og ein lærling i gipsmakarfaget. NDR har som mål å bli vidareutvikla som lærebedrift og ønskjer å ta inn lærlingar i fleire fag enn dei tradisjonelle handverksfaga. I dei andre avdelingane er det per tid ingen lærlingar, men det blir teke inn skuleelevar på praksis frå tid til anna.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2025 var 6,3 prosent der 1,6 prosent var eigenmeldt sjukefråvær. Dette er ganske stabilt samanlikna med tala frå 2024, då sjukefråværet var på 6,41 prosent. Vi er ei lita verksemd, noko som betyr at ei sjukmelding til og frå vil gi store endringar i statistikken.

Likestilling

NDR arbeider aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova. Aktivitetsplikta i lova, i fire trinn, inneber å undersøkje risiko for diskriminering eller andre hinder for likestilling, under dette kartleggje kjønnsfordeling, løn fordelt på kjønn, ufrivillig deltid, del mellombelse tilsette og del i foreldrepermisjon. Vidare analysere årsaker til evt. identifiserte risikoar, setje i verk tiltak som er eigna til å motverke dette og vurdere resultatet av arbeidet.

NDR utfører si aktivitetsplikt gjennom årleg oppfølging av handlingsplan for likestilling som vart revidert i 2022, under dette innarbeidde tiltak, rutinar, prosedyrar og system knytte til rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging. Statistikk for kjønnslikestilling blir gjennomgått årleg i samarbeidsutvalet. Dette har ikkje vorte gjennomført dei siste åra, men skal etter planen gjennomførast i 2026. I tillegg blir det vist til gjeldande IA-avtale som grunnlag for arbeidet og verktøy for inkluderande og mangfaldig arbeidsliv, og NDRs jamlege medarbeidarundersøkingar med tilhøyrande oppfølgingsprosessar og handlingsplanar.

	KJØNNBALANSE (OPPGITT I TAL)		MELLOMBELS TILSETTE (OPPGITT I TAL)		FORELDREPERMISJON (OPPGITT I TAL VEKER)		DELTIDSTILSETTE (OPPGITT I TAL)	
	K	M	K	M	K	M	K	M
NIDAROS DOMKIRKES RESTAURERINGSARBEIDER	72	49	32	18	28	0	16	5

	TOTALT	MENN	KVINNER	LØN*
TOTALT I NIDAROS DOMKIRKES RESTAURERINGSARBEIDER INKL. MELLOMBELS TILSETJINGAR	121	49	72	88,2 %**
DIREKTØR	1	1	-	-
AVDELINGSDIREKTØRAR	3	1	2	94,7 %
FAGSTILLINGAR	2	1	1	119,3 %
SENIORRÅDGIVARAR	6	1	5	76,2 %
RÅDGIVARAR	7	1	6	102 %
SENIORKONSULENTAR	6	1	5	94,8 %
FØRSTEKONSULENTAR	1	1	-	-
RESTAURERINGSTEKNIKARAR	17	13	4	98,7 %
RESTAURERINGSASSISTENTAR***	4	4	-	-
DRIFTSTEKNIKAR	4	4	-	-
BETJENT	13	1	12	108,3 %
REINHALDSLEIAR	1	-	1	-
REINHALDARAR	2	-	2	-
FØRSTEBETJENT	1	-	1	-
FORSKAR	1	-	1	-
UFRIVILLIG DELTID	-	-	-	-

* Kvinneres gjennomsnittsløn i prosent av menns gjennomsnittsløn

** Tala er henta frå likestillingsanalysen til DFØ HR og lønn. Analysen inkluderer ikkje timeløna som følgjer C-tabellen. Tala for Betjent tar derfor berre utgangspunkt i faste tilsette. Kvinneres totale gjennomsnittsløn i prosent av menns kan derfor avvike frå reelt tal sidan utrekninga manglar komplett oversikt over Betjentar.

*** inkl. fagarbeidarar m/fagbrev

NDR legg ved rekruttering vekt på å få ei balansert kjønns- og aldersfordeling innanfor dei ulike stillingsgruppene og rekruttere frå heile befolkninga, også internasjonalt, noko som bidreg til eit mangfaldig og utviklande arbeidsmiljø. Kjønnsbalansen ved NDR er god for verksemda sett under eitt. Det er ønskeleg å rekruttere fleire menn til Publikumsavdelinga og fleire kvinner til verkstadene ved NKS. NDR har over tid hatt svært låg gjennomstrøyming, og det har derfor vore små endringar. Dei siste fire åra har det vore fleire nyttilsetjingar. NDR har fokus på lønsvilkår og likeløn, og oppfølging av dette. Lønsskilnader mellom kjønna avheng også av ulike systemfaktorar, m.a. ulik ansiennitet og ulike ansiennitetsopptrykk i sentrale stillingskodar. Dei nemnde faktorane vil variere og kunne slå begge vegar frå år til år, avhengig av samansetning i personalgruppa. Lønsoversikter er delte opp i stillingskodar-/grupper som sikrar oversikt og samanheng på tvers av organisasjon, og inngår som grunnlag i planverk og lønsforhandlingar i samarbeid med representantane til dei tilsette. Totalt sett ligg kvinnerens lønn litt under menns lønn, men som tabellen over viser, er det generelt høg grad av likelønn innanfor dei ulike stillingskodane. NDR strevar etter lik løn for likt

arbeid. For å hindre ugrunna lønsskilnader blir lokale lønsforhandlingar nytta som eit tiltak for å jamne ut skilnader. Ufrivillig deltidsarbeid, der tilsette ønskjer og er tilgjengeleg for å jobbe meir, blir mellom anna kartlagt i medarbeidersamtalar. For NDR blir dette rapportert å vere ein problematikk som er svært liten. Ved ledigheit blir interessa kartlagd for utviding av stilling der dette lèt seg praktisk gjennomføre, noko som særleg er aktuelt ved tilsetjing av publikumsvertar. I 2025 er det fleire av publikumsvertane som har fått justert stillingsprosentane sine basert på ønske og behov om å jobbe meir/mindre. NDR har hovudsakleg faste deltidsstillingar knytte til den turnusbaserte formidlingstenesta. Mellombelse tilsette er i hovudsak sesongbaserte tilsetjingar, til døme sommarsesong med utvida bemanning av publikumsvertar og tilkallingsvikarar, og tidsavgrensa prosjektstillingar.

Samfunnstryggleik og beredskap

NDR sitt hovudansvar er å forvalte kulturhistoriske bygningar og nasjonalsymbol som Nidaros domkyrkje og Erkebispergarden. Kultur- og likestillingsdepartementet stiller i samband med dette særskilde forventningar til NDRs arbeid knytt til tryggleik og beredskap. NDR varetek sitt ansvar gjennom planmessig og løpande drift, sikring, vedlikehald og restaurering. Alle bygg har brann- og innbrotssikring, og inngangskontroll/overvaking skjer gjennom låssystem, inngangskort og kamera. NDR har døgnvakt gjennom eiga driftsvaktordning og vaktelskap. I tillegg blir verktøy disponert for varsling av alle tilsette på SMS/mobiltelefon via intranett, ved behov. Særskilde tryggingsrutinar er knytte til riksregaliane som blir vurdert løpande av Riksregaliekomiteen.

Det har vore jobba tryggingsmessig og skadeførebyggjande gjennom heile året, både med planlagde og løpande tiltak. Det blir arbeidd kontinuerleg med å vareta og sikre god internkontroll innanfor informasjonstryggleksområdet og personvern, både internt og opp mot eksterne systemleverandørar. Også i år har det vore ekstra fokus på tryggleik og beredskap, og basert på ROS-undersøkingane som vart gjorde i 2024 har vi jobba vidare med tryggingsrutinar. Dette inngår også i stor grad i revideringa av internkontrollhandboka. I tillegg har ferdigstillinga av plan for restverdiredning (RVR) vorte påbyrja. Når prosjektet er gjennomført, blir det innført årleg rutine for oppdatering av plan for RVR. Arbeidet med revidering av rutinar og ferdigstilling av RVR-plan held fram i 2026. Vi har også leigd inn eit eksternt firma for å vurdere IKT-tryggleik på eit strategisk nivå.



Erkebispegarden og Nidarosdomen under nordlys. Foto: Marie Bonsaksen/NDR

Øvrige oppdrag, føresetnader og krav

Konsulentbruk

Bruken av konsulentar i NDR er relativt låg over tid, og svingar noko ut frå ulike periodiske behov. For 2024 viser rekneskapen 4 851 468 kroner, medan det i 2025 er brukt 6 802 565 kroner. Bruken av konsulenttenester og moglegheita for å redusere denne blir fortløpande vurdert ut frå behovsanalysar og vurderingar av om det er mogleg å dekkje behovet gjennom å byggje opp eigen intern kapasitet og kompetanse. Konsulentbruken når det gjeld periodiserte spesialiserte tenester, har dei siste åra har stort sett gått inn mot konservatorntenester, brannteknisk rådgiving ved arrangement, nye IKT-løysingar, bistand på ulik advokatkompetanse, organisasjons- og leiarutvikling, visjons- og verdiprosess, namne- og merkevareprosess og profilanalysar ved rekruttering. Auken som vi ser i 2025, kjem av kjøp av eksterne med spisskompetanse innan strategisk tryggleik og IKT-tryggleik og dessutan til dørprosjektet og pilegrimsbuprojektet. Dørprosjektet og pilegrimsbuprojektet er eksternfinansiert.

Når det gjeld kjøp av faste årlege tenester blir IKT-drift og plattform køyrd via ekstern leverandør. Det er ikkje kostnadsmessig effektivt eller forsvarleg å vareta eller utvikle dette ytterlegare internt på grunn av stor breidd og fart på utviklinga innan fagområdet, omsynet til informasjonstryggleik og risikoen for langt større sårbarheit over tid. Vidare er vi innan økonomiområdet knytt til tenesteleveransar frå Direktoratet for økonomiforvaltning (DFØ) når det gjeld rekneskap og løn.

Frå kommunikasjonsbransjen blir det kjøpt tenester knytte til utvikling og vedlikehald av nettsider, visuell utforming og trykking av materiell og noko filmproduksjon. I tillegg bruker NDR reklamebyrå for å køyre digitale kampanjar og har abonnement på medieovervaking. NDR har ved årets slutt tre faste stillingar knytte til kommunikasjons- og marknadsarbeid. I 2025 har vi ein nedgang på 544 044 kroner på utgifter knytte til kommunikasjons- og marknadsarbeid samanlikna med 2024.

Vurdering av moglegheiter for desentralisert arbeid

NDR har som oppgåve å forvalte Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden slik at desse blir bevarte, utvikla og formidla som levande byggverk. Det ligg i svært liten grad til rette for at det kan utførast arbeid av vesentleg omfang frå andre stader enn i og i nærleiken av NDRs anlegg.

Kulturelt mangfald

